



DET TEOLOGISKE
MENIGHETSFAKULTET

Å leve etter Guds ord

- om vigsling, bøn og diakoni

Ruben Sæle

Rettleiar

Førsteamanuensis Tone Stangeland Kaufman

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne utdanninga.*

Det teologiske menighetsfakultet, hausten 2015

AVH501: Masteravhandling (30 ECTS)

Master i Diakoni

Innhald

1.0 Innleiing.....	3
1.1 Tema	3
1.2 Forforståing	4
1.3 Annan forsking	5
1.4 Problemstilling.....	8
1.5 Omgrep.....	9
1.6 Teoretisk plassering av oppgåva	11
1.7 Design	11
2.0 Teori.....	14
2.1 Diakonal spiritualitet	14
2.1.1 Innleiing: Spiritualitet.....	14
2.1.2 Diakonal spiritualitet	15
2.1.3 Vigsling av diakonar, yrkesetiske retningslinjer og tenesteordning.....	21
2.2 Analytiske verktøy.....	22
2.2.1 Habitus	22
2.2.2 Intensjonelle og innnevde praksistar.....	23
3.0 Metode	24
4.0 Analyse	30
4.1 Presentasjon av diakonane	30
4.2 Korleis forstår diakonar uttrykket <i>å leva etter Guds ord?</i>	30
4.2.1 Å leva etter Guds ord. Korleis forstår diakonane omgrepet?	31
4.2.2 Kva kjensler har diakonane rundt løftet og vigslinga?	32
4.2.3 Oppsummering og refleksjon	34
4.3 Praksistar.....	35
4.3.2 Intensjonelle praksistar	36
4.3.3 Innnevde praksistar	39
4.4 Truspraksisane sin rolle i arbeidskvardagen?	41
4.4.1 Opplevingar av Gud i kvardagen.....	41
4.4.2 Bøn, menneskesyn og relasjonar	43
4.4.3 Bøna er ein ressurs	44
4.4.4 Stillingsinstruksar og tankar kring bruk av arbeidstid til bøn	47
5.0 Drøfting	49

5.1 Kan den diakonale spiritualiteten gjere det lettare å skape eit personleg forhold mellom hjelpar og mottakar?.....	49
5.2 Det at diakonen får pengar for jobben kan så tvil om den autentisiteten i nestekjærleiken som diakonen viser.	51
5.3 Utfordringar ved å vera profesjonell «bedar».....	52
6.0 Oppsummering og konklusjon	54
Litteratur.....	55
Vedlegg: Intervjuguide	58

1.0 Innleiing

1.1 Tema

Den som skal vigslast som diakon i Den norske kyrkje må mellom anna svare ja på følgjande utsegn under vigslinga:

- at du sjølv øg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn trengjer djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen.¹

Dette er eit alvorleg løfte som har gjort meg nysgjerrig og ettertenksam. Kva vil det sei å leva etter Guds ord? For diakonien, som handlar om å formidle evangeliet gjennom handling², opplever eg dette som heilt essensielt. At diakonen sjølv tek imot og «lever i» evangeliet. For meg handlar dette først og fremst om å leve eit liv i relasjon til Gud, og då blir bøna sentral – gjerne saman med bibellesing. Når Jesus blir spurta om kva som er det største bodet i lova, handlar svaret om kjærleik – å elske Gud, og elske sin neste som seg sjølv.³ Dette handlar sjølvsagt om reglar for rett og gale, men slik eg les det er det først og fremst relasjonelle uttrykk. Derfor vil eg fokusere på det i denne avhandlinga. Kva vil det eigentleg sei å leva eit liv i relasjon til Gud? Korleis gjer diakonar dette i praksis? Har dei bønepraksisar i kvardagen? Og kva for innverknad har det på det praktiske arbeidet til ein diakon? Desse tinga ønskjer eg å finne meir ut av i denne avhandlinga. Eg har også eit personleg engasjement i tematikken. Som tilsett i ein kyrkjelyd, og som diakonistudent, har eg opplevt at dette temaet kanskje har kome noko i skuggen av planar, reformer og akademiske utleggingsar. Ein har ikkje bønereformar, eller ein plan for etterfølging av Jesus vedteke av kyrkjemøtet. Kanskje ønskjer ein ikkje å trenge inn i «det løynde rommet»⁴ til menneske. Bønelivet er jo i høgste grad noko personleg, og vil arte seg forskjellig frå person til person. Kanskje er det vår lutherske frykt for å bli «loviske», og at ein derfor unngår lister med reglar for det andelegelivet – slik ein kan finne i dei ulike klosterørslene i til dømes katolsk samanheng. Eller kanskje ser det enklare ut å endre ytre omstende som rekkjefølgja på ledda i gudstenesta, formuleringane og melodiane, eller organisasjonsstrukturen, enn å endre dei indre tinga som bønelivet, etterfølginga av Jesus i kvardagen og fellesskapet med Han. Det

¹ Den norske kirke (1996) Del 2, s. 192

² Kirkerådet (2007) s. 7

³ Matt 22,36-40

⁴ Jmf. Matt 6,6

kan jo og tenkast at det er der, bak og innimellom alt det ytre. Som eit lim som får det heile til å henge saman. Eg er spent på å finne ut meir om korleis dette er for diakonar i Den norske kyrkje.

1.2 Forforståing

Det opplevast eigentleg noko paradoksalt å skulle skrive ei avhandling om å leve etter Guds ord. Mange, spesielt i dei austlege kyrkjene, vil sei at det er umogeleg. Dei meiner temaet eg har vald kan ikkje lærast i teorien, det kan berre lærast gjennom erfaring. Samanhengen mellom personleg bøneliv og diakonal praksis handlar først og fremst om noko som erfara, og som det kan vera vanskeleg å setje ord på. Deler av litteraturen eg byggjer på, søker ikkje først og fremst å formidle kunnskap, men heller å starte prosessar i den som les. Å lese slik litteratur med kritisk distanse kan verke litt søkt. Dette illustrerer og noko av motivasjonen min for å skrive om nettopp dette. Eg opplever Den norske kyrkje som svært god på akademia, teologiske utgreiingar og forklaringar, planar og reformer, men kanskje misser vi noko av erfaringa av Gud i det heile? Eller kanskje er det der, det er berre ikkje så lett å få auge på? Derfor ser eg fram til å trengje djupare inn i litteratur om kva det vil sei å leva etter Guds ord, og ikkje minst til å intervju diakonar om dette.

Det eg kanskje trur eg vil finne, er at det å leva etter Guds ord og å leve diakonalt er nokså synonymt, og at verken etterfølginga eller diakonien kan skiljast frå bøna – fellesskapet med Gud. Eg har og vore oppteken av ei setning frå Magnus Malm si bok *Veivsere*⁵: «Gud er ingen forberedelse». Poenget hans er at fellesskapet med Gud er det første og viktigaste målet i livet til einkvar kristen, og dermed endå meir for kristne leiarar – slik som diakonar i ein kyrkjelyd. Då er det viktig å søkje bøna for sin eigen del, ikkje berre som ei støtte til å lage ei god preik, til dømes. Eg har dermed eit normativt utgangspunkt, noko som kan bli ein utfordring for meg i forskinga. Tone Stangeland Kaufman skriv om dette i artikkelen *Normativity as pitfall or ally?*⁶. Ho argumenterer for at refleksivitet rundt eigen normativitet kan vera eit verktøy for tolking av fenomenet ein forskar på, men at dette krev sjølvkritisk og ærleg refleksjon rundt eige standpunkt. I metodedelen vil eg skrive meir om korleis eg vil ivareta dette.

⁵ Malm (1991) s. 100-104

⁶ Kaufman (2015) *Normativity as a pitfall or ally?* s. 93

1.3 Annan forsking

Det er skrive lite som direkte omhandlar diakonars spiritualitet før relativt nyleg. Ninni Smedberg skreiv i artikkelen sin *The quest for a spirituality for the deacon* som kom ut i år 2000 at det kan vanskeleg å identifisere ein spiritualitet spesifikk for diakonar.⁷ Først, meiner ho, fordi det er ein del uløyste problemstillingar rundt rundt diakonatet i seg sjølv – diakonen og den diakonale tenesta sin plass og rolle i kyrkje og teologi. Dernest: skal ein finne ein spiritualitet spesielt for diakonar, må ein bygge på undersøkingar som framleis ikkje samstemmer. I møte med diakonar i Den svenske kyrkje, spør ho seg om kyrkja ikkje har greidd å opprette ein spirituell samanbinding mellom kyrkja i seg sjølv og diakonane som vigsla medlemmer.⁸ Sidan den tid har det imidlertid kome meir forsking på området.

Marianne R. Nygaard skreiv ein artikkel i 2011 kalla *Diakoners profesjonsvilkår i Den norske kirke*. Ho er inne på noko av det litt diffuse rundt diakonar sin plass i kyrkja. Ho fann at diakoner har svakt monopol på arbeidsoppgåver. Det kan vera ønskjeleg i forhold til dei diakonale oppgåvene i kyrkjelyden, men kan og gjera det krevjande for diakonane å finne sin rolle mellom tenestene i Den norske kyrkja.⁹ Vidare fann ho at diakonar brukar bibellesing, lyttenning ol. som reiskapar til ny erkjenning, altså ny forståing av tilverret. Dette kan også verke inn på dei diakonen møter. Men det er viktig at reiskapane skaper gjenkjennung i slik ein oppfattar røyndomen.¹⁰

I 2015 skreiv Marianne R. Nygaard der ho byggjer vidare på dette.¹¹ Ho tek utgangspunkt i mellom andre Dietrich som skildrar eit paradigemskifte i profesjonelt hjelpearbeid frå ein paternalistisk veldedigheitstankegang til ein meir autonomorientert myndiggjeringstankegang. Nygaard skriv og at til dømes innan sosialt arbeid er det ei vektlegging av partnerskap og myndiggjering. Dette grip inn i korleis ein forstår kva det vil sei å gi og å motta hjelp. Nygaard fokuserer på korleis diakonar utviklar profesjonell kunnskap og omsorg i dette nye paradigme.¹² Ho konkluderer med at diakonar sin kunnskapsutvikling og omsorg er prega av at dei kryssar grenser mellom ulike verder

⁷ Smedberg (2000) s. 131

⁸ Smedberg (2000) s. 131-132

⁹ Nygaard (2011) s. 7-8

¹⁰ Nygaard (2011) s. 13-14

¹¹ Nygaard (2015)

¹² Nygaard (2015) s. 23

(realities). Dei byggjer bruar mellom ulike verder innan Den norske kyrkje, men og mellom kyrkja og det komplekse samfunnet rundt. Diakonane bruker ifølgje Nygaard kristen teologi og praksisar, human- og sosialvitskapeleg kunnskap og kvardagserfaringar som verktøy i brubygginga. Eg vil og trekkje fram at Nygaard fann at diakonar byggjer bruar mellom ulike grupper, og dei sprenger grenser. Det siste ser Nygaard som både ein styrke og ein utfordring, ein blir lett sett på som noko perifert.¹³ Eg vil sjå på kva rolle spiritualiteten har i den profesjonelle kvardagen til diakonar, og kva rolle den har i det nye paradigmet innan omsorgsarbeid som ho og tek utgangspunkt i.

Johannes Nissen har skrive boka *Diakoni og menneskesyn*¹⁴. Han refererer til Svend Andersen som meiner at at profesjonaliseringa står for ei utfordring til nestekjærleiken. At det offentlege tek ansvar for å hjelpe til dømes sjuke, eldre, menneske med økonomiske vanskar, fører til ein distanse mellom den profesjonelle hjelparen og den trengande mottakaren. Som motsetnad til før, då ein hjalp kvarandre i familien eller nabofellesskapet. Då var alle var både mottakarar og gjevarar, og avhenige av kvarandre. Det er spesielt to ting skapar problem for nestekjærleiken hjå den profesjonelle hjelparen, ifølgje Andersen: 1) Han er ekspert, men ein ekspert som grip inn i liva til menneske. Dette krev eit personleg forhold mellom hjelparen og mottakaren. Og 2) Han får pengar for jobben. Han kan finne på å streike, til dømes, nekte å hjelpe nokon for å få høgare løn, endra arbeidsvilkår el. Dette kan så tvil om at omsorga han viser i arbeidet sitt med menneske er ekte.¹⁵ Eg vil i drøftinga sjå på om diakonars spiritualitet kan vera eit bidrag til å møte denne utfordrigna. Kan spiritualiteten gjera distansen mellom den profesjonelle hjelparen og den trengande mottakaren?

Tone Stangeland Kaufman har skrive ein doktorgradsavhandling som ligg nært opptil det temaet eg har vald, men der eg skriv om diakonar skriv ho om prestar.¹⁶ Ho spurde kva som karakteriserer prestar i Den norske kyrkje sin spiritualitet, og korleis denne kan bli forstått.¹⁷ Kaufman fann ut at liurgi, kvardagsspiritualitet og intensjonelle truspraksisar er viktige kjelder for prestar sin spiritualitet, og at desse vekselverker.¹⁸ I analysen brukte Kaufman mellom anna kategoriane intensjonelle og innnevde praksisar, noko eg og vil bruke i min analyse. Omgrepene blir derfor nærmere forklart i teorikapitlet.

¹³ Nygaard (2015) s. 93-94

¹⁴ Nissen (2008)

¹⁵ Nissen (2008) s. 227-228

¹⁶ Kaufman (2011)

¹⁷ Kaufman (2011) s. 24

¹⁸ Kaufman (2011) s. 350

I 2012 kom det fleire masteroppgåver om diakoni og spiritualitet. Mari Kolbjørnsrud skreiv om korleis pilegrimsvandring kan gje eit bidrag til diakonien. Ho ville finne samanhengar mellom pilegrimsvandringar, holistisk spiritualitet og diakoni forstått som *et arbeid for å ivareta relasjonen til Gud, oss selv, vår neste og skaperverket*.¹⁹ Torunn Nateland og Mari Thoresen skreiv masteravhandling om retreat og diakoni. Dei ville utforske korleis *diakoner i dag erfarer forbindelsen til sin egen spiritualitet*²⁰, og jobba utifrå problemstillinga *Hvordan kan retreat inspirere til kontemplativ bønn i hverdagen og være med og forme diakoner i møte med medmennesker?*²¹ Haldis Venke Haukås skreiv masteravhandling om bøn og stillheit i diakonale planar.²² Ho fann mellom anna at bøn er bøn er ein reiskap i møte med menneske, bøn (forbøn) er omsorg for andre og at dersom diakonar prioriterer bøn i det personlege liv, vil det også bli prioritert i tenesta.²³

Hanne Kathrine Johnsen utvida perspektivet i si masteroppgåve i 2015.²⁴ Ho intervjuar diakonar om deira gudsatilete, kor dei finn motivasjon og inspirasjon til arbeidet, og korleis trua kjem til uttrykk i tenesta deira. Ho drøfta funna sine opp mot fire kjerneområde i diakonien: *inkarnasjon, sjenerøsitet, forvandling og håp*. Ho oppfordrar til meir forsking på diakonars spiritualitet, spesielt på spiritualitet i kvardagen.²⁵ Nettopp her ønskjer eg å bidra. Korleis fungerer spiritualiteten til diakonar i deira arbeidskvardag? Kva rom er det for eigen spiritualitet, mellom diakoniplanar, stabsmøter og praktiske gjeremål?

Eg ønskjer å bidra i denne diskusjonen og finne ut meir om korleis dette er for diakonar i Den norske kyrkje. Denne oppgåva vil handle om kva rolle spiritualiteten har i arbeidskvardagen til diakonar i Den norske kyrkje. Forhåpentlegvis kan dette vera eit bidrag til å identifisere nettopp den diakonale spiritualiteten som Ninni Smedberg søker etter, og korleis truspraksisane kan fungere som ressursar i deira arbeid, slik som Nygaard er inne på.

Medan Nateland og Thoresen, Kolbjørnsrud og Haukås har vald å fokusere på konkrete område som retreat, pilegrimsvandring og diakoniplanar, vil eg gjera meir som Johansen som vidar fokuset ut – men med ein litt anleis vinkling. Mitt hovudfokus blir på formuleringa frå

¹⁹ Kolbjørnsrud (2012) s. 88

²⁰ Nateland og Thoresen (2012) s. 6

²¹ Nateland og Thoresen (2012) s. 7

²² Haukås 2012

²³ Haukås (2012) s. 52-53

²⁴ Johnsen (2015)

²⁵ Johnsen (2015) s. 55

vigslingsløftet om å leva etter Guds ord, korleis diakonane forstår formuleringa og kva praksisar det fører med seg i deira kvardag. Eg vil dermed fokusere meir på truspraksisane. Dette meiner eg og kan vera eit nyttig supplement til Smedberg, som fokuserer mykje på diakonen si rolle i kyrkja.

1.4 Problemstilling

Eg ønskjer altså å forstå meir av korleis diakonar oppfattar og lever etter vigslingsløftet. Eg fokuserer då på formuleringa eg har nemnd over som handlar om å leva etter Guds ord, og studium og bøn. Det er deira meiningsdanning rundt omgrepene *å leva etter Guds ord*, deira praksisar i høve til det, og kva rolle dette speler for deira arbeid som diakonar eg vil fokusere på. Utifrå dette har eg kome fram til følgjande problemstilling:

Korleis forstår diakonar vigslingsløftet om å leva etter Guds ord i sin kvardag, og kva rolle opplever dei at det speler for deira arbeid som diakonar?

I denne problemstillinga er det tre fokuspunkt, der det første er *diakonane*. Deira sjølvforståing og identitet, både som kristne og som vigsla medarbeidarar i kyrkja blir viktig. I samband med dette må ein også sjå på kva *diakoni* er og kva plass den har i kyrkja. Det andre fokuspunktet er *å leva etter Guds ord*. Omgrepet er henta frå Liturgi for vigsling av diakonar.²⁶ Eg er ikkje ute etter å finna ein allmenngyldig definisjon på dette uttrykket, men ute etter å lære meir om korleis dette blir forstått av diakonar. Eg vil og utforske det diakonar fortel om praksisar som følgjer med; bønepraksisar, gudstenesteliv, bibellesing og andre uttrykk for kristen spiritualitet. Til sist kjem fokuspunktet *deira arbeid som diakonar*. Ser diakonane nokon samanheng mellom spiritualitet og deira praktiske arbeid? Korleis relaterer bøna og arbeidet seg til kvarandre? Utifrå desse punkta har eg formulert følgjande delproblemstillingar:

1. Korleis forstår diakonar uttrykket *å leva etter Guds ord*?
2. Har diakonane truspraksisar for å trenge *djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen*? Kva då?
3. Kva rolle opplever diakonane at truspraksisane har i arbeidskvardagen?

²⁶ Den norske kirke (1996) Del 2, s. 192

Materialet eg brukar er intervju med fem diakonar. Analysen vil derfor byggje på det diakonane fortel. Når det gjeld praksisane kunne det vore interessant å følgje diakonane og observere dei, men omfanget på denne avhandlinga tillet ikkje det.

1.5 Omgrep

I denne avhandlinga er det ikkje dei eintydige definisjonane som står i fokus, det er korleis informantane tenkjer om omgrepa som er viktig. Eg ønskjer derfor å la det stå mest mogeleg ope, og overlate til informantane å definere det. Likevel vil det vera ryddig å sei noko om mitt utgangspunkt i møte med desse omgrepa, sidan dette vil prege måten eg spør på og korleis eg tolkar det som kjem fram i intervjeta.

Å leva etter Guds ord

Når ein møter uttrykket «leva etter Guds ord» i media og i den kyrkjepolitiske debatten i Noreg, er det ofte i samband med samlivsetiske spørsmål. Å leva etter Guds ord blir då forstått som å følgja visse reglar – skal, skal ikkje – utleia frå Bibelens ord. Det gjeld samlivsetiske spørsmål, men og andre etiske område som kyrkjeleg tilsette si rolle i politikken, ikkjevald, forvaltaransvar og klima, kamp for rettferd med meir. Dette er sjølv sagt svært viktige spørsmål, men det er ikkje det som har vekt mi interesse. Eg synest det er verdt å merkje seg at det å *leva etter Guds ord* blir sagt i same setning som *studium* og *bøn* i vigslingsløftet. Når ein lover å leva etter Guds ord, lover ein samstundes å studere dei heilage tekstane og be. Det gjer ikkje dei etiske spørsmåla over mindre viktige, men det rettar fokuset i ei anna retning. For min del opplever eg dette som det første og viktigaste skrittet for å kunne leva etter Guds ord. At ein tek imot Jesu kall til fellesskap med seg og søker han gjennom studium og bøn. Omgrepet «Guds ord» er ofte brukt som synonym på Bibelens ord – nokre bibelutgåver har det skrive på framsida. Sjølv om ein vanskeleg kan kome utanom å snakke om Bibelen når ein snakkar om Guds ord, meiner eg ein kan gå glipp av viktige aspekt om ein handsamer dei heilt synonymt. For meg handlar omgrepet Guds ord ikkje først og fremst om ord og setningar, men om personen Jesus. «Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss²⁷» fortel apostelen Johannes i innleiinga til evangeliet sitt. Å leva etter Guds ord, kan ein då omsetje litt fritt til «å leva etter Jesus» – eller å leva i etterfølging av han. Derfor

²⁷ Johs 1,14

meiner eg at det første og viktigaste ein må gjera om ein ønskjer å leva etter Guds ord, er å søkje Jesus og utvikle relasjonen til han som er sentrum i Bibelen og opphavsmann for trua.²⁸ Dette er mitt utgangspunkt når eg går inn i tematikken, og eg er klar over at dette er eit normativt utgangspunkt som kan påverke forskinga og dei funna eg vektlegg. I metodedelen vil det kome meir om korleis eg vil forholde meg til dette.

Spiritualitet

Dette omgrepet vil bli nøyare utlagt i teoridelen. Innleiingsvis vil eg berre nemne at spiritualitet handlar om å la trua få uttrykk i konkrete praksisar – *truspraksisar*. Slik eg brukar omgrepet handlar det om praksisar som forutset trua og som styrkjer trua. Å leva etter Guds ord forstår eg som noko av det same. At ein i og med livet sitt let trua på Guds ord få kome til uttrykk gjennom konkrete praksisar. Bøn er etter mi meining ein slik praksis. Utan trua på ein himmelsk Far, mister orda i Fader vår si meining. Men når ein trur at ein Far i himmelen hører bøna, gjev det stor meining å be den. Når det gjeld omgrepet *bøn* tolkar eg det svært vidt, og bruker det i denne oppgåva om forskjellige måtar å ha kontakt med Gud på. Alle omgropa vert forstått i ein kristen kontekst, og av plasshensyn vil eg ikkje gå nærare inn på til dømes kva som skil kristen spiritualitet frå ein meir generell forståing av ordet.

Diakoni

Diakoniplanen til Den norske kyrkje definerer diakoni slik:

*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.*²⁹

Eg tek som utgangspunkt at diakonar som er tilsett i Den norske kyrkje også vil ha denne definisjonen med i arbeidskvardagen sin. Når det gjeld det konkrete uttrykk for diakoni, kva den einskilde diakonen gjer til dagleg, vil det variere frå diakon til diakon. Ifølgje Kari Jordheim kan ein diakon sine arbeidsoppgåver vera mellom anna miljøskapande arbeid, oppsökjande arbeid i til dømes institusjonar, liturgisk arbeid, undervisning, sjelesorg, administrative oppgåver og såkalla profetisk diakoni der ein protesterer mot urett på

²⁸ Hebr 12,1-2

²⁹ Plan for diakoni s. 7

forskjellige niva.³⁰ Svært forskjellige ting, men alt er diakoni. I denne avhandlinga vil eg la det stå ope. Det er ikkje kva informanten gjer som er viktig, men kva rolle bønepraksisane spelar for informanten i sitt daglege arbeid.

Diakonen

Det finst diakonar tilsett i fleire forskjellige samanhengar. Kari Jordheim nemner mellom anna diakonastillingar på institusjonar, i organisasjonar, på kjøpesenter og sjukehus. Men dei fleste er ifølgje Jordheim tilsett i kyrkjelydar i Den norske kyrkje.³¹ Og I denne avhandlinga ser eg på diakonar tilsett i diakonstillingar i kyrkjelydar i Den norske kyrkje. Her seier Plan for diakoni at ein av diakonen sine hovudoppgåve er å leie det diakonale arbeidet i kyrkjelyden, men og å arbeide på vegne av kyrkjelyden overfor utsette grupper og personar.³² Diakonen skal, i tillegg til å jobbe utifrå dei lokale planane, arbeide i tråd med vigslingsløfte, tenesteordning for diakonar og yrkesetiske retnignslinjer for diakonar. Dette vil eg skildre nærare i teorikapitlet.

1.6 Teoretisk plassering av oppgåva

Eg vil plassere denne oppgåva innan feltet kristen spiritualitet og innan diakonifaget, som ein disiplin innan praktisk teologi.³³ I analysen vil eg bruke verktøy og kategoriar henta frå sosiologi og religionssosiologi.³⁴ Det er med andre ord ein tverrfagleg oppgåve, men tydeleg forankra i diakonien.

1.7 Design

Problemstillinga for denne avhandlinga handlar om korleis diakonar forstår og opplever ei formulering frå vigslingsliturgien. Vidare handlar det om praksisar dei har i høve til dette, og refleksjonar rundt dei. Det er dermed diakonane som er forskningsobjektet mitt. For å kome litt djupare inn i tematikken, vil den neste delen handle om kristen spiritualitet, og deretter om korleis diakonal spiritualitet er framstilt i litteraturen. Sidan problemstillinga spør etter *kvardagen* til diakonane, og kva rolle spelar i *arbeidet* deira, vil andre del av teorikapitlet

³⁰ Jordheim (2011) s. 18-21

³¹ Jordheim (2011) s. 13

³² Kirkerådet (2008) s. 11 og 26

³³ Fagermoen (2005) s. 14

³⁴ Kaufman (2011) s. 28

skildre nokre av dei rammene diakonar har i stillingar i Den norske kyrkje. Sist i teorikapitlet blir nokre analyseverktøy presentert. Det er det sosiologiske omrepet *habitus* som her handlar om korleis ein kan utvikle kristne instinkt og disposisjonar³⁵. Vidare vil eg presentere ein modell frå Tone S. Kaufman si avhandling *A new old spirituality? A qualitative study of clergy spirituality in the church of Norway*.³⁶ Eg vil bruke nokre av dei same analytiske verktøya som henne for å analysere praksisane til diakonane. Til sist i teoridelen vil eg presentere ein utfordring i profesjonelt hjelpearbeid som eg vil bruke som ein operasjonalisering av hovudproblemstillinga. Det handlar om at profesjonalisering kan vera ein utfordring for nestekjærleiken. Eg vil i drøftinga argumentere for at diakonars spiritualitet kan vera ein måte å møte denne utfordringa på, og ein måte å møte det nye paradigmet i profesjonelt hjelpearbeid som Marianne R. Nygaard er inne på.³⁷

Denne oppgåva tek for seg korleis diakonar forstår sin spiritualitet og opplever denne i sin kvardag. Eg finn det derfor tenleg med ei fenomenologisk vinkling på oppgåva. I fenomenologisk forsking er ein oppteken av nettopp å forstå korleis ulike individ opplever og forklarar sin eigen levde kvardag, ofte gjennom semistrukturerte intervju.³⁸ Hovudmaterialet for avhandlinga vil derfor vera transkripsjonar kvalitative intervju med fem diakonar. Denne metoden gjev høve til å gå i djupna i eit tema og utforske nyansar. Eg kunne også ha gjort ein større studie av stillingsinstruksar, eller utforska korleis temaet blir undervist ved utdanningsinstitusjonane. Den problemstillinga eg har valt fokuserer meir på kva diakonane fortel at dei gjer i sin kvardag. Derfor meiner eg kvalitativt intervju vil vera ein produktiv framgangsmåte for prosjektet. Intervjua vil framstå som ein samtale, strukturert av ein intervjuguide. Målet med intervjua er sjølvsagt at eg skal få eit materiale å analysere og drøfte, slik at eg kan lære meir om det andelege livet til diakonar. Samstundes vil dei kunne vera andelege samtaler, der diakonane får dele om trua si og kva den inneber for kvardagen. Intervjua kan dermed bli ein truspraksis i seg sjølv. Dette meiner eg gjer intervju til ei svært godt eigna metode. Det er imidlertid verdt å merke seg at eg ikkje har gjort observasjonar av diakonane i deira kvardag, det eg har å forholde meg til er deira eigne skildringar i intervjeta.

For å analysere intervjeta vil eg bruke ein metode kalla *Interpretive phenomenological analysis* (heretter IPA) eller på norsk: *Fortolkande fenomenologisk metode*. Dette er ein

³⁵ Sjå kap. 2.2.1

³⁶ Kaufman (2011)

³⁷ Sjå kap. 1.3

³⁸ Kvale og Brinkman (2009) s. 27-32

metode for å analysere kvalitativt materiale som fokuserer på meiningsdanning og korleis den levde kvardagen blir opplevd for individ.³⁹ I kapittel 3 blir det forklart meir om IPA og korleis eg vil gå fram med intervjuet og analysen. Kapittel 4 er strukturert utifrå delproblemstillingane. Først blir diakonane presenterte, før transkripsjonane blir analysert. Denne delen tek er strukturert utifrå dei tre delproblemstillingane. Korleis diakonar forstår omgrepene å leva etter Guds ord blir analysert først. Deretter meir konkret om kva praksisar dei har, før eg i siste delen vil sjå på kva rolle diakonane opplever at desse praksisane har i høve til det diakonale arbeidet dei gjer. I kapittel 5 blir funna i kapittel 4 drøfta opp imot teorien i kapittel 2. Til sist, i kapittel 6, kjem ei oppsummering og forslag til vidare arbeid.

³⁹ Smith and Osborn (2008)

2.0 Teori

Teorikapitlet er tredelt. I den første delen vil eg introdusere omgrepet diakonal spiritualitet, og plassere det forhold til vanleg spiritualitet. Det blir og konkretisert korleis utfordrigna for profesjonelt hjelpearbeid som Nygaard nemner, kan kome til uttrykk i diakonalt arbeid.⁴¹ Deretter vil eg sjå på viglsingsliturgi, tenesteordning og yrkesetiske retnigslinjer for diakonar og kva dei seier om diakonal spiritualitet. I tredje og siste del presenterer eg nokre teoretiske kategoriar som eg vil bruke i analysen.

2.1 Diakonal spiritualitet

Før eg skildrar den diakonale spiritualiteten, vil eg innleie med å skildre kristen spiritualitet, og forklare korleis eg tenkjer om praksisar i samband med det.

2.1.1 Innleiing: Spiritualitet

Spiritualitet kan definerast på ulike måtar. Frå klosterlivet i middelalderen kjem uttrykket *ora et labora* – bøn og arbeid (St. Benedikts regel). Bøna og arbeidet vekslerverker, og er gjensidig avhengig av kvarandre. Sann bøn må inkarnerast i livet.⁴² Smedberg skriv om spiritualitet som *ein interaksjon mellom lære, disiplin, liturgi og liv*⁴³ og *ein kombinasjon av bøn og liv*⁴⁴.

Johannes Nissen skriv at spiritualiteten ikkje er ein sektor i livet, men noko som rører ved alle sider av livet.⁴⁵ Han skriv vidare at spiritualitet i handlar om ein kroppsleggjering av trua.

Trua er ikkje skild ut, men involvert i dagleglivet. Han refererer til Bradley Hanson som meiner spiritualitet er *ei levd tru pluss ein stig*.⁴⁶ Trua inneber her ei erfaring av tru som kjem til uttrykk i forplikting (commitment) og tillit. Nordstokke skriv og om erfaringa av trua. Han meiner spiritualitet kan omtala som ei djup overtyding om å vera berørt av Gud og hans Ande. Spiritualiteten er ikkje livsfjern, men ei visse om ein open himmel over den levde kvardagen.⁴⁷

⁴¹ Sjå kap.1.3

⁴² LWF (2009) s. 37

⁴³ Ferguson og Wridht (1988) i Smedberg (2000) s. 138

⁴⁴ Jones (1992) i Smedberg (2000) s. 138

⁴⁵ Nissen (2012) s. 74

⁴⁶ Hanson (2000) i Nissen (2012) s. 75

⁴⁷ Nordstokke (2002) s. 81-82

Alle definisjonane og metaforane over har slik eg ser det nokre fellestrek: Kvardagsleg sagt, ei «andeleg» side og ei praktisk side som vekselverker. Trua, bøna, overtydinga, læra eller liturgien vekselverker med arbeidet, det levde livet eller kvardagen. Eg oppfattar dei og som dynamiske. Omgrep som «livet» eller kanskje endå meir «ein stig» tyder på noko som er undervegs, ein utvikling i ein bestemt retning.

Praksisar

Eg skreiv over at spiritualitet har ei praktisk side. Derfor vil eg spørje diakonane om deira praksisar. Tone S. Kaufman brukar følgjande definisjon på praksisar i si doktorgradsavhandling: “a cluster of activities that are both concerned with relating to the sacred as well as addressing fundamental human needs, and that, woven together, form a way of life.”⁴⁸ Dette er ein ganske open definisjon, noko som passer til mitt utforskande prosjekt. Eg vil også hente nokre analytiske kategoriar frå avhandlinga til Kaufman, og derfor finn eg det tenleg å bruke hennar praksisdefinisjon.

2.1.2 Diakonal spiritualitet

Eg vil no gå vidare til det vi kan kalle *diakonal spiritualitet*. Eg vil hovudsakleg bruke Kjell Nordstokke si bok *Diakoni og menneskesyn*⁴⁹ til å presisere omgrepet, og Nissen sin artikkel *Partners in Life. Reflections on diaconal spirituality*⁵⁰ til å greie ut om emnet korleis dette er framstilt elles i faglitteraturen. Han skildrar korleis den diakonale spiritualiteten er skildra hos fleire forfattarar. Eg har vald desse fordi eg meiner dei begge bidreg til det nye paradigmet innan profesjonelt hjelpearbeid, som eg og ønskjer å bidra i med denne oppgåva. Meir om dette under. Deretter kjem det som kjem fram om diakonal spiritualitet i to viktige dokument; Plan for diakoni er vedteke av Kyrkjemøtet i 2007 og skal vera retnignsgivande for korleis ein tenkjer rundt diakoni i Den norske kyrkja. Den skal vera eit verktøy til å utarbeide lokale planar.⁵¹ Dokumentet *Diaconia in context* skildrar LWF (The Lutheran World Federation) sitt syn på diakoni og kjem også inn på temaet diakonal spiritualitet. Eg har teke det med sidan det set seg føre å sameine korleis diakoni blir forstått innan det lutherske fellesskapet.⁵²

⁴⁸ Kaufman (2011) s. 65

⁴⁹ Nordstokke (2002)

⁵⁰ Nissen (2012)

⁵¹ Kirkerådet (2008) s. 5

⁵² LWF (2009) s. 8

Refleksjonar rundt omgrepet diakonal spiritualitet

Diakonal spiritualitet er eit svært essensielt omgrep i denne oppgåva, men det er nokre ting eg meiner ein bør vera merksam på med omgrepet. Det kan implisere at ein har ein «vanleg kristen spiritualitet» og så har ein ei ekstra diakonal utgåve av spiritualiteten. Plan for diakoni understrekar at den diakonale tenesta, og dermed den diakonale spiritualiteten, er eit kall til alle døypte. Diakonal spiritualitet er dermed ikkje noko anna enn kristen spiritualitet. Kristen spiritualitet er diakonal, og motsett. Eg vil likevel bruke omgrepet i ein meir snever forstand for å fokusere ekstra på dei diakonale aspekta ved kristen spiritualitet, men og fordi oppgåva handlar om spiritualiteten til diakonar, og om ein kan sei noko spesifikt om spiritualiteten i deira liv og teneste.

Korleis diakonal spiritualitet blir brukt

Johannes Nissen skriv at diakonal spiritualitet kan oppfattast som motsetnadsfullt. Medan spiritualitet kan bli forstått som noko passivt, som handlar om det indre livet, blir ofte diakoni forstått som aktivt, utadretta og handlande. Men på same måte som ein ikkje kan skilje ut spiritualiteten som ein sektor i livet, kan ein heller ikkje skilje ut diakonien frå resten av livet, den har å gjere med heile vår eksistens, meiner han. Omgrepet diakonal spiritualitet får fram at diakonien, på same måte som spiritualiteten, omhandlar heile livet, og at spiritualiteten også inneber etterfølging av Jesus i konkrete kjærlekshandlingar.⁵³

Kjell Nordstokke skriv i si bok *Det dyrebare mennesket – Diakoniens grunnlag og praksis*⁵⁴ at diakonal spiritualitet består av ein grunnhaldning og eit perspektiv (måte å sjå tilveret på). Grunnhaldninga handlar om vissa om ein open himmel over kvarldagen, som gjer det mogeleg å sjå alt i eit større perspektiv. Spiritualiteten er ein spesiell måte å sjå *tilveret* på: Skapt av Gud, og han såg det var godt. Måte å sjå *nesten* på: Søster og bror skapt i Guds bilete. Å sjå *tenesta* på: en handling som gjev mot til engasjement trass dystre prognosar. Å sjå *Gud* på, som barmhjertig Far med opne armar og retferdig Herre over skaparverket. Men den treng uttrykksformar som bekrefeter og tydeleggjer samanhengen mellom det jordnære og det himmelvendte. Møte med Guds ord gjennom bibelske tekstar, bøn, gudsteneste, andakt, tid til stille kan vera slike uttrykk. Derfor bør diakonen ha liturgiske oppgåver for å synleggjere dette.⁵⁵

⁵³ Nissen (2012) s. 73-74

⁵⁴ Nordstokke (2002)

⁵⁵ Nordstokke (2002) s. 82-83

Diakonen må ifølgje Nordstokke både leve og arbeide i ein rytme mellom det jordnære og det himmelvendte. Arbeid og bøn forutset kvarandre. Begge stader møter vi Kristus og nesten. Vi møter Kristus i menneska ein møter⁵⁶ og blir minna om nesten som treng oss mellom anna i forbøna, ofringa og Kyrie i gudstenesta.⁵⁷

Også sansane er viktige i den diakonale spiritualitet. Diakonal spiritualitet sanser sanning og samanheng, sjølv når det kan vera risikofylt. Nordstokke nemner fire nøkkelord for å oppsummere diakonal spiritualitet. Desse seier samstundes noko om diakoniens identitet og oppgåve: *Inkarnasjon*: Gud blei menneske. Like eins må kyrkja inkarnerast i folks liv, bodskapen den kjem med må levast ut i kvardagen mellom menneske. *Generøsitet* handlar ikkje om sjølvutsletting eller sløsing, men er forankra i biletet av den nådige Gud som viser si makt i å bli ein tenar. Diakonal spiritualitet ber i seg ei forventning om *forvandling*. Det er ei tru på at endring alltid er mogeleg fordi Gud, som gjer alle ting nye, er nær. Det er ikkje ei naiv tru på at alt kjem til å gå bra til slutt eller smertefrie løysingar, men ein forventning om at Gud kan gjera noko vi ikkje har tenkt på eller forstår. Spesielt nattverden, der brød og vin blir forvandla til Jesu kropp og blod, minner oss om dette. Trua på forvandling gjev *håp*, som er det siste nøkkelordet. Gud gjev håpet i gave. Uansett livssituasjon kan vi rette blikket mot han og tru på at det finst både framtid og håp.⁵⁸

Johannes Nissen skreiv i 2012 ein artikkelen *Partners in Life. Reflections on diaconal spirituality* der han reflekterer over ulike metaforar og forklaringar forskjellige forfattarar brukar for å skildre diakonal spiritualitet.⁵⁹ Eg vil i det følgjande referere nokre hovudpunkt.

Nissen innleier med å forklare at ein ikkje berre kan sjå på diakonen isolert når ein snakker om diakonal spiritualitet.⁶⁰ Han refererer til Nordstokke som meiner at den diakonale spiritualitet også blir prega av dei situasjonane og menneska diakonen møter. Han meiner at diakoni må bli forstått som eit oppdrag med gudgjeve autoritet, med mandat til å gå imellom i situasjonar med konflikt og liding.⁶¹

⁵⁶ Jmf Matt 25,31-46

⁵⁷ Nordstokke (2002) s. 83-84

⁵⁸ Nordstokke (2002) s. 85-87

⁵⁹ Nissen (2012)

⁶⁰ Nissen (2012) s. 75

⁶¹ Nordstokke (2000) i Nissen (2012) s. 76

Eit anna aspekt ved diakonal spiritualitet er at *inkarnasjonsspiritualitet* (spirituality of incarnation).⁶² Kristen tru handlar om trua på ein god Skapar av alle ting. Alt han har skapt er godt, noko som gjev eit positivt syn på kroppen og alt Gud har skapt.⁶³ Nissen skriv vidare at då Jesus blei menneske, blei kroppen spiritualisert – hans kropp var eit tempel som skulle rivast ned og byggjast opp att.⁶⁴ Slik heilaggjorde han menneskekroppen. Paulus skriv at kroppen vår er eit tempel for den heilage ande, og at vi med kroppen kan gje Gud ære.⁶⁵ At Gud bur i menneskekroppar er ei viktig rot i kristen spiritualitet, ifølgje Nissen.⁶⁶

Liturgi og diakoni heng tett saman. Jesus gjev seg sjølv til oss i nattverden, og på same måte utfordrar nattverden kyrkja til å gje seg sjølv til lokalsamfunnet. Å samlast rundt nattverdbordet, forpliktar til å arbeide for fred i lokalsamfunnet.⁶⁷

Dokumentet *Diakonal identity, faith in social care* fra Eurodiaconia⁶⁸ påpeiker at identiteten til diakonal omsorg beestår av desse fem elementa: skaping, fellesskap, rettferd, omsorg, lovprising. Diakonal omsorg kan berre skje dersom alle fem elementa er til stades. Dei sosiale og spirituelle dimensjonane blir halde saman i dokumentet.

G. Glass meiner kristen spiritualitet er ein diakonal spiritualitet som er retta mot verda. Han openberra seg for verda på overraskande måtar. Han kom ikkje til verda i slotta til dei rike, men til hyttene til fattige menneske.⁶⁹ Ulrich Bach er inne på det same. Han meiner at når Jesus blei krossfest, viste han og noko av Guds vesen. Gud er ikkje berre stor og allmektig, når han leid var det som eit unntak frå hans personlegdom. Bach meiner at Gud er mest karakteristisk seg sjølv når han lir og dør på krossen. Guds «lågheit» får konsekvensar for medkjensla vår.⁷⁰

⁶² Nissen (2012) s. 77

⁶³ Thompson (2008) i Nissen (2012) s. 77

⁶⁴ Johs 2,19

⁶⁵ 1. Kor 6,19-20

⁶⁶ Nissen (2012) s. 78

⁶⁷ WCC (1991) i Nissen (2012) s. 78

⁶⁸ Eurodiaconia (2010) i Nissen (2012) s. 79-81

⁶⁹ Class (2003) i Nissen (2012) s. 81-82

⁷⁰ Bach (1979) i Nissen (2012) s. 82

Diakonal spiritualitet handlar om å delta i Guds medkjensle. Jesus regaerte på urett og liding, og det må læresveinane hans og gjera. Diakonal spiritualitet ser Guds nærver spesielt i situasjonar der menneske slit.⁷¹

Diakonal spiritualitet er nært knytt til merksemda – det å følgje med. Kari Martinsen skriv om ei openheit mot verda der sansar og kjensler arbeider saman. Ein ser med medkjensle.⁷²

Vidare er diakonal spiritualitet kjenneteikna av ei anna forståing av tid. Medan det moderne samfunn er prega av effektivitetspress og og travelheit, er ifølgje Kosuke Koyama Guds tempo seint. Han beveger seg sakte, fordi han er kjærleik og tek seg tid til å sjå og hjelpe menneske han møter.⁷³

Til sist nemner Nissen at diakonal spiritualitet er partner-spiritualitet. Han referer igjen til Bach, som meiner at i kyrkja må ein tenkje anleis enn det som er vanleg. Det viktigaste spørsmålet er ikkje «Kva skal vi gjere?», men «Kven er vi?». Djupast sett er alle mottakarar, seier han. Derfor kan ein kan ikkje dele medlemmene inn i hjelparar og mottakarar i kyrkja, men kyrkja er eit samfunn av mottakarar som kan hjelpe kvarandre. I kyrkja er ikkje målet å gjera noko for andre, men å gjera noko saman med andre. Då vil alle vera både gjevarar og mottakarar samstundes.⁷⁴

Oppsummering og refleksjonar

Nordstokke og Nissen skildrar ein spiritualitet som omhandlar heile livet. Sidan spiritualiteten er dynamisk, inneber den ein måte å endre seg på – å vera undervegs i ei retning. Diakonal spiritualitet handlar, slik eg tolkar Nordstokke og Nissen, om å bevege seg både i andeleg og kroppsleg retning samstundes; Nærare Gud og nærmare seg sjølv, nesten og skaparverket. Til sist vil eg nemne at den diakonale spiritualiteten gjev inntrykk av å vera ein ressurs for å bevege seg frå det paternalistiske til partnerparadigmet innan profesjonelt hjelpearbeid sidan den er nettopp partner-spiritualitet. I drøftinga vil eg kome tilbake til dette.

Spiritualitet i *Diaconia in context* og *Plan for diakoni*

I *Diaconia in context* står det mellom anna om at diakonien har utgangspunkt i dei gåvane Gud gjev. Det blir peika på at det er dåpen og Den heilage ande som gjev oss del i Jesu

⁷¹ Nissen (1984) i Nissen (2012) s. 83

⁷² Martinsen (2000) i Nissen (2012) s. 84-86

⁷³ Koyama (1979) i Nissen (2012) s. 86-87

⁷⁴ Bach (1979) i Nissen (2012) s. 94-96

diakonale kall og oppdrag. Den heilage ande gjer inkludering til ei fundamental del av livet i kyrkja og diakonal handling. Diakonien er noko som veks ut av tilbeding og takksemd for dei gåvne Gud gjev.⁷⁵ Vidare står det om etterfølginga, at kristen lydnad ikkje handlar om moralske standardar, men lydnad til det vi er i Kristus.⁷⁶ I ein diakonal spiritualitet blir bøna holdt saman med handling – med andre ord må bøna inkarnerast i det verkelege liv. Den diakonale spiritualiteten ser besøk og gjestfridom som andelege møte, og anar Guds nærleik i kvardagen. Den formar ikkje berre handlingane våre, men og kven vi er. Gjennom livet myndiggjer og former den hjarta slik at diakoni blir eit *habitus* som pregar liva våre. Dette kjem ut av ein kroppsleg spirituell praksis som gjer oss merksame på behov andre har.⁷⁷ Vidare skildrar Diaconia in context det dei kallar tre grunnretningar for diakonien: Forvandling, forsoning og myndiggjering.⁷⁸

Eg vil i det følgjande greie ut om korleis den diakonale spiritualitet er skildra i Den norske kyrkje sin Plan for diakoni. Omgrepet spiritualitet er ikkje nemnd i planen, men det betyr ikkje at fenomenet ikkje er til stades. Planen tek utgangspunkt i ein visjon: Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.⁷⁹ Planen definerer diakoni som evangeliet i handling. Begge deler forstår eg som uttrykk for inkarnasjonsspiritualitet. At ein tek imot Guds kjærleik i bøn og gudstenestefeiring til dømes, og at bodskapen om Guds kjærleik, evangeliet, får hender og føter som tener nesten. Vidare er mennesket som avhengig av alle relasjonane det står i – til Gud, til medmennesket, til seg sjølv og til resten av skaparverket, og at kyrkja treng å styrke forståinga av dette.⁸⁰ Planen vektlegg at alle kristne gjennom dåpen er kalla til å vise omsorg for andre. Diakoni er ikkje berre noko ein gjer, men og noko ein er som truande. Ifølgje planen må trua bli verksam i handling. Dette kan gjerast ved å spørje seg om kven som er nesten min om att og om att. Gjensidigkeit er noko som går att. Alle er både gjevarar og mottakarar, og til forskjellige tider i livet er vil ein kanskje vera meir av det eine eller det andre.⁸¹ Diakonien skal vera ei motrøyst mot forbrukarkultur og kunne møte andelege behov og menneske som søker etter meinings.⁸² Diakoniplanen legg vekt på at ein kan lære nestekjærleik, men ein må øve på det.

⁷⁵ LWF (2009) s. 26-29

⁷⁶ LWF (2009) s. 35

⁷⁷ LWF (2009) s. 37-38

⁷⁸ LWF (2009) s. 43

⁷⁹ Kirkerådet (2008) s. 6

⁸⁰ Kirkerådet (2008) s. 10

⁸¹ Kirkerådet (2008) s. 9

⁸² Kirkerådet (2008) s. 13

Ein måte å gjere det på er å setje namn på ting som hindrar: utryggleik, egoisme, likesæle og liknande.⁸³

Oppsummering og refleksjonar

Både i Diaconia in context og i Plan for diakoni finn vi ein spiritualitet som er dynamisk og partnerorientert. Diaconia in context snakkar om forvandling og forsoning medan Plan for diakoni snakkar om at ein kan øve seg i nestekjærleik. Det meiner eg samsvarar med det diakonale habituset som er skildra i Diaconia in context. Desse tinga forstår eg som uttrykk for ein dynamisk spiritualitet. Omgrep som myndiggjering og gjensidigheit viser at dette og handlar om partner-spiritualitet. Begge dokumenta sluttar seg altså til det nye paradigmet innan profesjonelt hjelpearbeid.

Eg vil no gå vidare og sjå på nokre rammer som diakonar tilsett i Den norske kyrkje må forholde seg til.

2.1.3 Vigsling av diakonar, yrkesetiske retningslinjer og tenesteordning.

Ifølgje Kari Jordheim blir vigsling forstått som noko som formidlar kall, velsigning og sending, og den tek sikte på livslang teneste.⁸⁴ Under vigslinga vil biskopen mellom anna sei formuleringa som er utgangspunkt for denne avhandlinga, og spør den som skal vigslast om å love å gjere dette med truskap. Når kandidaten har svart ja, vil han/ho bli bedt for om at Gud skal kome med sin utrustning. Dette viser at det blir stilt krav til korleis diakonar lever, og det blir forventa at ein skal ta seg tid til truslivet sitt.⁸⁵

Dette kjem også fram i Yrkesetiske retningslinjer for diakonar.⁸⁶ Her heiter det at «Diakoner i Den norske kirke er forpliktet på sitt viglingsløfte».⁸⁷ Diakonen skal alltid vera medviten om at han er sendt frå kyrkja.⁸⁸ Å «søke åndelig påfyll og personlig hjelp og veiledning»⁸⁹ blir sett på som ein del av det profesjonelle ansvaret til diakonen. Her er og formuleringa frå

⁸³ Kirkerådet (2008) s. 18

⁸⁴ Jordheim (2011) s. 163

⁸⁵ Jordheim (2011) s. 164

⁸⁶ Diakonforbundet (2014)

⁸⁷ Diakonforbundet (2014) punkt 2

⁸⁸ Diakonforbundet (2014) punkt 3

⁸⁹ Diakonforbundet (2014) punkt 4

vigslingsliturgien som eg har teke utgangspunkt i teke med, i ei litt omskrive form.⁹⁰

Diakonen skal «fremme håp, mestring og livsmot».⁹¹

I Tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for diakoner⁹² blir det nemnd at diakonen har ansvar for fagleg oppdatering og personleg fornying,⁹³ og at «formaningen og løftet i vigslingsliturgien er bestemmende for diakonens livsførelsel.»⁹⁴

Så langt eg kan sjå er det ikkje nærmere skildra kva «å leva etter Guds ord», «søke åndelig påfyll» eller «personleg fornying» inneber i praksis, men eg tolkar alle omgrepa inn i området diakonal spiritualitet. Diakonal fordi det er diakonen det gjeld, og spiritualitet fordi det handlar om å knytte livet og trua saman på ein eller annan måte og utvikle denne. Ein må gå til den diakonale faglitteraturen for å finne meir om dette.

2.2 Analytiske verktøy

2.2.1 Habitus

I det følgjande vil eg presenter omgrepet *habitus*. Eg fann dette omgrepet i dokumentet *Diaconia in context* frå The Lutheran World Federation (LWF) der det står at den diakonale spiritualiteten gjer at diakoni blir eit habitus som pregar liva våre.⁹⁵ Omgrepet kjem frå sosiologen Pierre Bourdieu, som brukte det om den innlærte tryggleiken, ein har fått gjennom oppvekst og sosialt bekrefta erfaringar. Det er sosiale føresetnader som kjem til uttrykk gjennom måten ein er på.⁹⁶ Habitus er og brukt ein del i forsking på praktisk teologi. Eg vil i det følgjande presentere Ballard og Pritchard⁹⁷ si bruk av omgrepet i praktiskeologisk kontekts.

Habitus handlar i Ballard og Pritchard si bruk av ordet, om trening av sinn og hjarte.

Tankegangen er at gode vaner gjev gode disposisjoner som gjev gode handlingar. Ein søker å byggje opp Kristi kropp på alle måtar – derimellom å utvikle eit kristent instinkt. Halde saman

⁹⁰ Diakonforbundet (2014) punkt 4

⁹¹ Diakonforbundet (2014) punkt 6

⁹² Den norske kirke (2005)

⁹³ Den norske kirke (2005) §3

⁹⁴ Den norske kirke (2005) §6

⁹⁵ LWF (2009) s. 38. Sjå og kap. 4.1.3

⁹⁶ Strand (2007) s. 407

⁹⁷ Ballard og Pritchard (2006)

hjarte og sinn, ta del i Guds glede, sorg, kreativitet og offer. Ortodoksi blir forstått som å kjenne/vite, snakke om og tilbe Gud riktig i sakrament og liv.⁹⁸

Ballard og pritchard hevdar at praktisk teologi ikkje berre handlar om behov og oppgåver, men om å sjølv vekse i Kristus. Dette gjer ein ved å utvikle ein kristen karakter gjennom å jobbe med mellom anna sjølvvinnslig og bønevaner. At den einskilde veks, gjer det mogeleg at heile den kristne fellesskapen veks i Kristus, og blir lys og salt i verda. Målet er å «innbu» den sosiale røynda til den blir eit «habitus».⁹⁹

Ballard og Pritchard meiner at praktisk teologi gjev viktige bidrag til spiritualiteten. Når bøna og praksisen heng saman, får dette også verda til å henge saman. Teologisk handling og den kritiske refleksjonen rundt kan ikkje skiljast frå bøna. Riktig forhold mellom bøn og handling gjev erfaring av å møte Gud i den andre.¹⁰⁰

Det har kome ein del kritikk mot denne tenkjemåten. Nokon hevdar den kan verke som ein undertrykkjande konformitet, medan andre stiller spørsmål ved korleis ein kan måle effekten av den. Samstundes, seier Ballard og Pritchard, er den viktig fordi den byggjer på korleis vi blir sosialiserte.¹⁰¹

2.2.2 Intensjonelle og innnevde praksistar

Min første assosiasjon til omgrepet kristne praksistar handlar om ting ein gjer for å styrke og nære trua. Ein set då av tid for å lese i bibelen, be, vera med i bibelgruppe, gå til gudsteneste eller liknande. Tone S. Kaufman kallar slike praksistar for *intensjonelle* praksistar.¹⁰² Dette er praksistar som ein oppsøkjer der intensjonen er å finne næring for trua. Men nokre av praksisane diakonane i mitt materiale fortalte om går nærest automatisk, eller dei kjem med som ein del av noko anna – til dømes i førebuing til andakter og liknande. Kaufman kategoriserar desse som *innnevde* praksistar.¹⁰³ Desse to kategoriene vil eg bruke i når eg analyserer det diakonane fortel om deira praksistar.

⁹⁸ Ballard og Pritchard (2006) s. 73-74

⁹⁹ Ballard og Pritchard (2006) s. 75

¹⁰⁰ Ballard og Pritchard (2006) s. 93-94

¹⁰¹ Ballard og Pritchard (2006) s. 76

¹⁰² Kaufman (2011) s. 74-75

¹⁰³ Kaufman (2011) s. 71-74

3.0 Metode

Det førre kapitlet handla om den diakonale spiritualiteten og nokre teoretiske omgrep som eg vil bruke i analysedelen. Seinare i oppgåva vil eg utforske korleis den diakonale spiritualiteten kan uttrykkje seg i praksis, då utifrå dei tre delproblemstillingane *1. Korleis forstår diakonar uttrykket å leva etter Guds ord? 2. Har diakonane truspraksisar for å trenge djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen? Kva då? Og til slutt: 3. Kva rolle opplever diakonane at truspraksisane har i arbeidskvarden?* Det er altså diakonar sitt forhold til eigen vigsling og kva dei opplever at dette inneber for deira liv og arbeid som er i fokus i denne avhandlinga. Frå vigslingsliturgien er det spesielt omgrepet «Leva etter Guds ord»¹⁰⁴ som eg vil fokusere på, og kva truspraksisar (spiritualitet) som diakonane har i samband med det. Korleis diakonane *forstår* og *opplever* det aktuelle punktet frå vigslingsliturgien, kva *meining* dei legg i orda blir derfor viktig å få fram. Kva *meiner* dei når dei lover å *leva etter Guds ord?* Eg er her ikkje ute etter eit normativt svar på spørsmålet – kva *bør* ein meine – men meir eit deskriptivt svar – kva meiner diakonane som lover dette.

Fordi målet er å forstå og utforske meiningsetnologi er det naturleg å bruke kvalitativ metode.¹⁰⁵ I kvalitativ forskingsmetode søker ein nyansert kunnskap om eit fenomen. Nøyaktigheit tyder i denne samanhengen at ein har presise skildringar, ikkje presise talfestingar.¹⁰⁶ At forskaren er til stades og tolkar det som blir studert blir viktig.¹⁰⁷

Temaet for denne avhandlinga, diakonar sitt forhold til eigen vigsling og spiritualitet, er lite forska på frå før.¹⁰⁸ Derfor er utforskande intervju ein gunstig metode.¹⁰⁹ Ein kvalitativ studie gjev høve til å gå i djupna, utforske nyansar og til å betre forstå korleis temaet kan verta opplevd av einskilde individ.¹¹⁰ Fordi problemstillinga spør etter diakonane sin subjektive oppleving og korleis dei forstår visse tema, er det naturleg å bruke intervju som metode. Eg vil bruke semistrukturerte personlege intervju. Intervjua vil røre ved svært personlege tema – religiøs overtyding og medfølgjande praksisar, og det vil derfor ikkje vera hensiktsmessig med gruppeintervju.

¹⁰⁴ Den norske kirke (1996) Del 2, s. 192

¹⁰⁵ Kvale og Brinkman (2009)

¹⁰⁶ Kvale og Brinkman (2009) s. 30

¹⁰⁷ Denzin og Lincoln (2005) i Alvesson og Sköldberg (2008) s. 17

¹⁰⁸ Sjå kap 1.3

¹⁰⁹ Kvale og Brinkman (2009) s. 106

¹¹⁰ Kvale og Brinkman (2009)

Teoretisk plasserast prosjektet hovudsakleg innan fenomenologien. Dette er eit vitskapeleg paradigme innan humanistiske fag som først og fremst søker å *skildre*, framfor å forklare eller analysere.¹¹¹ Objektivitet blir uttrykt gjennom ein lojalitet til fenomenet ein forskar på.¹¹² I mitt prosjekt vil det sei at eg ikkje vurderer om det diakonane seier er riktig eller galt, men søker å skildre deira oppleving med størst mogeleg lojalitet, og leitar etter korleis dei forstår vigslingsløftet. Hermeneutikken vil også vera viktig for prosjektet. Hermeneutikk handlar om tolking av tekstar.¹¹³ Eg er ute etter korleis teksten frå vigslingsliturgien blir tolka og forstått av diakonane. Også viktige omgrep, litteraturen eg har vald, og til slutt sjølve transkripsjonane skal tolkast. I møte med desse tekstane vil eg ha ein forståelse. Dette handlar om kunnskap, kulturell bakgrunn, verdiar og så bortetter som pregar meg på førehand når eg møter transkripsjonane. Fordommane hjelper meg å tolke og forstå det eg les.¹¹⁴

Intervjuet vil bli analysert etter ei metode kalla *Interpretive phenomenological analysis* (IPA). Målet med denne metoden er å utforske i detalj korleis deltakarane i studien fortolkar (are making sense of) verda – både personleg og sosialt.¹¹⁵

Utval

Mitt materiale vil vera intervju med fem vigsla diakonar. Ifølgje Smith og Osborn bør eit utval til ein IPA-studie ikkje vera større enn fem-seks deltakarar. Det betyr at ein ikkje er ute etter eit representativt utval, då det vil føre til eit altfor stort materiale å analysere. I staden går ein motsett veg, og søker å gå verkeleg djupt i korleis fenomenet vert opplevd for akkurat desse deltakarane.¹¹⁶ Det kunne vore interessant også å intervju studentar, personar frå kyrklelege utdanningsinstitusjonar, frå Kyrkjerådet eller andre kyrklelege institusjonar eller biskopar for å nemne nokon. Eg har vald å fokusere på vigsla diakonar som gruppe, og avgrensar meg til det. Innan denne gruppa har eg forsøkt å nyansere noko. Begge kjønn er representert, to menn og tre kvinner, og det er noko geografisk spreiing. Deltakarane arbeider i eller i nærleiken av to større byar i Noreg. Det er og forskjellar i alder, andeleg bakgrunn, kor lenge dei har vore vigsla og kva dei har drive med før vigslingsa. Slik vil eg få fram fleire nyansar innan den gruppa som problemstillinga spør etter. Det kan også nemnast at nokre praktiske tilhøve har prega utvalet, til dømes transportmoglegheiter, kven eg har kome i

¹¹¹ Merleau-Ponty (1962) i Kvale og Brinkman (2009) s. 27

¹¹² Kvale og Brinkman (2009) s. 27

¹¹³ Kvale og Brinkman (2009) s. 50-51

¹¹⁴ Kvale og Brinkman (2009) s. 51

¹¹⁵ Smith and Osborn (2008) s. 53

¹¹⁶ Smith and Osborn (2008) s. 55-56

kontakt med ved søk på internett og kven som har tid og ikkje minst lyst til å vera med på eit slikt prosjekt. Dette krev ein viss pragmatisme i forskinga.¹¹⁷

Etablering av materiale

Semistrukturert intervju er den føretrekte måten å samle inn data på når ein bruker IPA. Det deltagaren og forskaren høve til å gå i dialog med kvarandre. Forskaren kan omformulere og spegle tilbake det deltagaren seier, ta tak i og gå i djupna på viktige tema som kjem opp i samtalen.¹¹⁸ Alle intervjeta vart gjennomført på arbeidsplassen til diakonen, slik at dei skulle kunne kjenne seg «heime» under intervjuet. Før sjølve intervjeta fortalte eg litt om min eigen motivasjon for å jobbe med dette temaet. Dette for å skape tryggleik, og om mogeleg vise at eg ikkje var ute etter å vurdere deira trusliv, men å lære om korleis det var for dei. Men det var også viktig å ikkje sei for mykje her, då det kunne leggje unødige føringar for intervjuet. Eg tok lydopptak av intervjeta, noko som gjorde at eg kunne fokusere fullstendig på dei og det som måtte dukke opp i samtalen. Underveis forsøkte eg å halde meg «litt bakpå» slik at dei fekk snakke mest mogeleg fritt om dei emna eg tok opp utifrå intervjuguiden. Av og til laga eg små oppsummeringar som for å få bekrefta at eg hadde forstått dei riktig.

Transkripsjon og analyse

Etter dette vart intervjeta transkribert. Eg skreiv ned ord for ord kva dei sa, inkludert lydar som «ehm» og «lissom» og avbrotna setningar når diakonen leita etter den «riktige» formuleringa. Eg brukte breie margar, slik at eg kunne bruke desse til å notere i under analyseringa¹¹⁹. Etter å ha transkribert, høyrd og las eg igjennom alt på nytt for å sjekke at alt var riktig. Sitata frå transkripsjonane som eg har teke med i opgåva er noko redigert. Eg har fjerna nokre av «tenkjelydane» slik at det blir enklare å lese og meininga kjem betre fram. Om eg har fjerna utdjupingar eller forklaringar, er dette markert med tre punktum i parentes i sitatet.

Intervjeta vil som tidlegare nemnd bli analysert utifrå *Interpretive phenomenological analysis*. Eit hovudpunkt i denne metoden er å utforske *meining*, og å prøve å forstå dei meiningane som er formidla i intervjuet. Forskaren startar eit tolkingsarbeid med transkripsjonen av intervjeta.¹²⁰ Ved å gå gjennom transkripsjonen fleire gonger, kan forskaren først finne tema han finn interessante, for så å koble dei saman med liknande tema. Deretter grupperer ein dei,

¹¹⁷ Smith and Osborn (2008) s. 56

¹¹⁸ Smith and Osborn (2008) s. 57

¹¹⁹ Smith and Osborn (2008) s. 65

¹²⁰ Smith and Osborn (2008) s. 66

for så å putte dei inn i ein tabell som viser gruppene for seg, og kvar i transkripsjonen ein kan finne utsegnene. Dette gjer ein med alle transkripsjonane, før ein lagar ein siste tabell som viser tema som kjem opp, og forskjellige utsegn som illustrerer dei frå dei forskjellige deltakarane og kor i transkripsjonane ein kan finne dei.¹²¹ Desse funna vil bli presenterte i analysedelen i oppgåva. Også utforminga av presentasjonen vil vera ein del av analyse- og tolkingsarbeidet. Her vil forskaren omsetje utdraga og temaa frå transkripsjonane til ein narrativ tekst. Temaa blir forklart, nyansert og det blir gitt døme frå transkripsjonane. I denne fasen er det viktig å skilje mellom det deltakarane seier og forskaren sin tolking av det.¹²²

Etiske sider ved prosjektet

Kvale og Brinkman skriv om at den som intervjuar vil registrere og tolke både det som blir sagt og måten det blir sagt på. Dette krev at den som intervjuar har både gode forkunnskapar om emnet, og gode kommunikative evner.¹²³ Eit prosjekt som dette har og ein del etiske sider å ta omsyn til, det gjeld både på det vitskapelege plan og det mellommenneskelege plan.

Kvale og Brinkman nemner forskjellige etiske tema til dei forskjellige stadia i prosessen¹²⁴. Dei vektlegg spesielt konfidensialiteten for deltakarane og ein tenkjer gjennom eventuelle negative konsekvensar for dei ved å delta på undersøkinga – noko som kanskje blir ekstra viktig med eit slikt tema som eg har vald. Det handlar om gudsrelasjonen, og er eit svært personleg tema. Det er derfor viktig at eg jobbar for å skape tryggleik rundt intervjuasjoner, og at informasjonen som kjem fram vert handsama med respekt. Eg ønskjer å ta lydopptak av intervjuia. Desse vil så bli transkribert og sende til gjennomlesing, før eg vil bruke det i analysen og drøftinga. Det er viktig at dette blir informert om på førehand, det vil bidra til å skape tryggleik. Deltakarane vil bli anonymiserte, og dei får fiktive namn som brukast i avhandlinga. Når ordet «diakonane» vert nytta i bestemt form er det dei fem informantane det er snakk om, om ikkje anna er presisert.

Reliabilitet, validitet og generalisering

For at samfunnsforskning skal vera til å stole på, er det tre omgrep som forskaren bør reflektere over. Det er *reliabilitet*, *validitet* og *generalisering*¹²⁵. Desse omgrepa får ei litt anna tyding

¹²¹ Smith and Osborn (2008) s. 66-75

¹²² Smith and Osborn (2008) s. 76

¹²³ Kvale og Brinkman (2009) s. 29-30

¹²⁴ Kvale og Brinkman (2009) s. 63

¹²⁵ Kvale og Brinkman (2009) s. 241-265

innan kvalitativ forsking enn i kvantitativ forsking – som handlar om å måle og telje observasjonar korrekt. Reliabilitet handlar i kvalitativ forsking om truverdet i forskinga. Som nemnd i forforståinga har eg eit normativt utgangspunkt, eg har ei mening om temaet eg forskar på. For at dette ikkje skal bli ei blindsone vil eg forsøke å heller vera open om utgangspunktet mitt, som eg var inne på i 1.2 Forforståing. Tone S. Kaufman skriv om at refleksivitet handlar om å vera kritisk til sin eigen forskning, og det er noko ein må ha med gjennom heile forskingsprosessen.¹²⁶ For meg gjeld det å vera ekstra kritisk når det gjeld funn som samstemmer med forforståinga mi, og gje ekstra merksemd til funn som kanskje utfordrar eller overraskar meg.

Forskaren pregar funna – intervjuaren og informanten produserer ny kunnskap i lag gjennom intervjuet.¹²⁷ Meininga som informanten uttrykkjer formast etter måten forskaren spør på. Ein annan forskar ville truleg kome fram til andre svar fordi han kanskje ser fenomenet gjennom andre analytiske briller. Reliabilitet tyder her at svara er konsistente – at funna til den eine forskaren ikkje motseier funna til den andre.¹²⁸

I eit kvalitativt forskingsintervju kan ein spørje seg om informanten ville svart det same om intervjuet hadde blitt gjennomført av ein annan forskar eller om meiningane hans eller hennar forandrar seg gjennom intervjuet. Dette stiller krav til forskaren om å ikkje stille leiande spørsmål og stille kontrollspørsmål slik at ein er sikker på at ein har forstått informanten riktig. Men også i førebuinga til intervjuet og arbeidet i etterkant er reliabilitet viktig. Teori må gjengjevast korrekt, og når ein transkriberer og analyserer intervjeta må ein vera lojal overfor informanten si mening. At ein ikkje tek sitat ut av samanhengen det vart sagt i, eller brukar det på ein måte som informanten ikkje vil stå inne for, er viktig. Nonverbal kommunikasjon vil ha mykje å seie for korleis ein tolkar det som blir sagt, men det får ein ikkje med når ein transkriberer. Eg forsøkte derfor å spørje tilbake under intervjuet, og få bekrefta eller avkrefta om eg hadde forstått informanten riktig.¹²⁹

Omgrepet *validitet* kan oppsummerast i spørsmålet «utforskar ein på det ein trur ein utforskar?»¹³⁰ Det må vera ein samanheng mellom problemstilling, delproblemstillingar,

¹²⁶ Kaufman (2015) Normativity as a pitfall or ally? s. 96-97

¹²⁷ Kvale og Brinkman (2009) s. 17-18

¹²⁸ Kvale og Brinkman (2009) s. 245

¹²⁹ Kvale og Brinkman (2009) s. 245

¹³⁰ Kvale og Brinkman (2009) s. 246

utvald teori, intervjuguide og val av informantar. Dei må handle om det same. Dei forskjellige bøkene og informantane som er brukt i denne avhandlinga bruker forskjellige uttrykk og formuleringar for å skildre det same emnet – og også bruke dei same omgrepene, men legg ulikt innhald i dei. Eg må derfor velje mellom forskjellige tolkingar av omgrepene og korleis dei er brukt, og kunne argumentere for at tolkinga er valid eller gyldig.¹³¹ Validitet er ikkje noko ein berre undersøkjer i ettertid av eit forskingsprosjekt. Det må vera til stades gjennom heile prosessen. I praksis handlar validitet om godt handtverk i forskinga. Forskaren må heile tida sjekke om hans eigne funn kan falsifiserast og stille spørsmål til funn og framgangsmåte.¹³² Dette krev at metoden for å kome fram til funna og deretter analysen og bruken av dei er gjennomsynleg for andre. Når det gjeld deltakarane i min studie er dei anonymiserte, noko som byr på ein utfordring for gjennomsynlegheita. Eg ser det som viktigast å prioritere anonymiteten til deltakarane i studien.

Generalisering omhandlar om det er mogeleg å sei noko om andre tilfelle basert på dei tilfella ein har sett på. For å kunne gjere det ein vitskapeleg måte er det viktig at ein analyserer både likskapar og skilnader i dei to tilfellene. Då kan ein vurdere og argumentere for kva som kan forventast i det andre tilfelle og ikkje.¹³³ Når det gjeld temaet i denne avhandlinga, handlar det først og fremst om informantane sine eigne opplevelingar. Resultatet av den vil ikkje vera eit «slik er det for alle», men heller eit «slik kan det vera». Vigslingsløftet som denne avhandlinga tek som utgangspunkt er noko som er felles for alle vigsla diakonar. Dermed trur eg at mange vil kunne kjenne seg att i det som vil kome fram, og derfor kunne lære noko av det og. Sidan feltet er lite forska på frå før, vil kanskje leserar av denne avhandlinga også kome fram til nye spørsmål og nye tema for forsking.

¹³¹ Kvale og Brinkman (2009) s. 247

¹³² Kvale og Brinkman (2009) s. 248-252

¹³³ Kvale og Brinkman (2009) s. 262-265

4.0 Analyse

I denne delen blir først diakonane presentert, før ein analyse av transkripsjonane. Analysen er strukturert utifrå delproblemstillingane. Kvar del vil først vise funn, før eg oppsummerer og reflekterer over kva eg vil ta med vidare til drøftinga.

4.1 Presentasjon av diakonane

Eg vil begynne denne delen med å presentere diaonane. Namna er oppdikta, slik at eg ivaretok anonymiteten deira.

Gerd er i femtiåra og jobbar i ein kyrkjelyd i ein av dei større byane på Vestlandet. Ho vart vigsla i på 2000-talet.

Asbjørn er i sekstiåra og jobbar i ein kyrkjelyd utanfor ein av dei større byane på Vestlandet. Han vart vigsla i på 90-talet.

Asbjørn er også i femtiåra. Han har vore soknediakon i ein kyrkjelyd i ein av dei større byane på Austlandet sidan 90-talet, då han og vart vigsla.

Camilla er i førtiåra, og vart tilsett og vigsla i på 2000-talet. Også ho arbeider i ein kyrkjelyd i ein av dei større byane på Austlandet.

Silje er ei kvinne i trettiåra. Ho vart tilsett på 10-talet, og vigsla eit år etter i ein kyrkjelyd i ein av storbyane på Austlandet.

4.2 Korleis forstår diakonar uttrykket *å leva etter Guds ord?*

I denne delen vil eg fokusere på delproblemstilling 2. «Korleis forstår diakonar uttrykket *å leva etter Guds ord?*». For å gjera teksten lettare å lese vil eg her veksle mellom omgrepene «det å leva etter Guds ord» og «etterfølging».

4.2.1 Å leva etter Guds ord. Korleis forstår diakonane omgrepet?

Slik eg forstår diakonane er det å leva etter Guds ord ein heilt sentral del av både det å vera diakon, og det å vera kristen. Det er, slik eg oppfattar det, to hovudelement som kjem att i materialet: 1) Å leva etter Guds ord handlar om å leve i ein relasjon til Gud. 2) Å leva etter Guds ord har ei etisk side, og for diakonane handlar det spesielt om korleis ein møter andre menneske. Desse to tinga er for diakonane vevd saman i ein og same livsstil. Dei meiner altså at forpliktinga om å leva etter Guds ord gjeld både i arbeidslivet og i livet elles. Eg vil no skrive først om den relasjonelle sida, deretter om den etiske.

Den relasjonelle sida

Eg starta intervjuet med å spørje litt vidt om assosiasjonar dei hadde i høve til omgrepene «å leva etter Guds ord» frå vigslingsliturgien. Ein av dei, Camilla, svarte at «det forutset at eg har en aktiv gudsrelasjon, da.» Hennar første assosiasjon handla altså om relasjonen mellom henne og Gud, og at den må vera aktiv og levande. Ho fortalte vidare om at det var viktig for henne å vera i rørsle og prosess. Eg forstår henne slik at ho den aktive gudsrelasjonen pregar henne og endrar henne. Fleire av diakonane hadde liknande assosiasjonar. Petter sa at det handlar om å «i en daglig kontakt med Gud som gjer at han får forme meg.» Gerd var inne på det same. Ho snakka om at gudsforholdet får ringverknader. Eg forstår henne slik at sjølv om gudsforholdet er ein svært personleg sak, ei sak mellom henne og Gud, får det konsekvensar også for korleis ho er mot andre menneske. Ho opplever at gudsforholdet preger henne og måten ho er på. Også Camilla ser ein samanheng mellom bønelivet og jobben, og uttrykjer det meir eksplisitt: «(eg må)...la Gud finne meg og heile tida søker kva Guds vilje for meg her, i denne jobben...». Eg forstår henne slik at ho opplever at Gud har ein vilje med henne i den samanhengen ho er i, og at ho gjennom bøna får sjå meir av kva det inneber.

Den etiske sida

Som nemnd over har det å leva etter Guds ord også ei etisk side, ifølgje diakonane. Det handlar om måten ein lever livet sitt på, og korleis vi er mot kvarandre, både i fellesskapet i kyrkjelyden og elles. Korleis ein er i møte med andre menneske går att hos fleire av diakonane, noko som kjem fram i dette sitatet frå Petter: «Og det.. eg har av og til sagt det at.. asså, når eg ber for dagen, og Gud.. ber Gud om å vise meg dei som eg... eller, gje meg visdom til å møte desse menneska eh.. som kjem i min vei i dag, og, møte dei på ein rett måte» Han fortel vidare at han opplever at det å be på denne måten gjer noko med han og

netttopp møta hans med menneske, sjølv om han understreka at det ikkje kan bevisast på nokon måte.

Silje nemner det å følgje Jesu føredøme i møte med menneske, og å «jobbe med seg sjølv, med dem tinga som kan vere utfordrende i møte med menneske.» For henne er det viktig at fellesskapet i kyrkjelyden blir prega av kjærleik til kvarandre. Eg forstår henne slik at ho vil jobbe med seg sjølv, for slik å vera med å prege fellesskapet til å bli meir likt føredømet til Jesus. Både ho og fleire av diakonane ser dette som ein livsstil, det grip inn i meir enn livet i kyrkjelyden eller nå ein er på jobb, det gjeld heile livet. «Eg er diakon når eg går på Rema.» seier ho. Eg forstår Silje slik at ho meiner at det å leva etter Guds ord, er noko ho må gjera heile tida. Det handlar ikkje berre om arbeidstida som diakon, og heller ikkje berre om eit privat bøneliv isolert frå resten av tilveret. Løftet om å leva etter Guds ord grip inn korleis ho er mot naboar, og folk ho møter i alle mogelege situasjonar. Ho skal alltid bære med seg løftet om å leva etter Guds ord. Det at ho jobbar i kyrkja grip for henne inn i alle sider av livet, og ho ser seg sjølv som ein representant for kyrkja i alle situasjonar ho er i. Camilla snakkar om at diakoni er ein livsstil. Det å vera diakon for henne noko ho ikkje kan leggje av seg når ho kjem heim, og ho understrekar at ho «må stå til rette for det eg gjør» og at livet hennar må stemme overeins med dei ti boda og med Jesu ord som ho konkretiserer med Bergpreika. Asbjørn opplever seg forplikta på Guds ord, og at det inneber at han aldri kan leggje det vekk. «...det må være en del av meg og min tjeneste, å kjenne Guds ord, ta stilling til budene og.. og forholde meg til dette i mitt liv» seier han.

4.2.2 Kva kjensler har diakonane rundt løftet og vigslingsløftet?

Eg ønskja å finne ut kva kjensler diakonane hadde i samband med vigslingsløftet. Det varierte mellom både negative og positive kjensler. Silje kaller det «en kilde til .. å fort føle seg utilstrekkelig». Petter nemner «dårleg samvittighet» og kjensle av å kome til kort. Fleire av dei understrekar alvoret i løftet, med ord som å vera «forplikta» eller «litt sterke ord».

Samstundes seier fleire av dei at det og er godt å vera forplikta til dette. Til dømes Camilla: «Det kan jo virke litt strengt, «at du sjølv av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord», men for meg så er det litt sånn utelukkende befriende. Fordi ... det knytter meg så tett opp til Guds ord, da og at liksom Guds ord får bu i hjertet mitt» Eg forstår henne slik at forpliktinga i løftet set henne fri til å prioritere bøna og fellesskapet med Gud i arbeidet. Biskopen har pålagt henne å gjere det, og ho har lova å følgje opp. Dette gjev henne fridom til å leggje andre oppgåver til side for å kunne prioritere tid til Guds ord. Gerd og omtalar det positivt: «Det er

jo litt sånn sterke ord, sant? Men han (biskopen) pålegger meg, at jeg skal gjøre dette... Vi trenger jo en del grenser i livet vårt... (at det) blir stilt krav til oss. Det tror jeg er ... noe godt, egentlig, for oss. Den vigslinga er faktisk noe som du har sagt ja til, du har forplikta deg på det.»

Det gjev frimod

Asbjørn kjenner på at vigslingsløftet også seier noko om at Gud kan bruke han: «Ja, jeg.. har jo.. på en måte hele tiden tenkt at ... Gud har bruk for meg. Som et helt vanlig, enkelt menneske.» Eg oppfattar han som at han ser det som eit positivt kall frå Gud til å leve etter Hans ord. Gud har bruk for at menneske lever etter Hans ord, og trass i at diakonen også er ein syndar og ikkje noko betre enn andre, kan han altså bli brukt av Gud. Han vektlegg og at det heng saman, tenesta som diakon, ein leiar i kyrkja, livsstil og personleg forhold til Gud er for han vevd saman til ein heilskap.

Camilla snakka om om at vigslinga gjev frimod til tenesta, og når det å leva etter Guds ord kan gå på tvers av forventingar og behov som menneske har. For henne gjev vigslinga frimod til å «tørre å være en motmakt, da. Gi folk motstand, og si fra! Si fra om urettferdighet, si fra om at nå er en på feil kurs..» Slik eg forstår henne vektlegg ho her den profetiske stemma i diakonien¹³⁴. I vigslingsløftet finn ho ei prioritering. Om ho opplever at kyrkjelyden, arbeidsgjevar, sokneråd, stab osb. gjer eller seier noko som kjem i konflikt med det ho oppfattar som Guds vilje, forpliktar vigslingsløftet henne til å seie ifrå.

To av diakonane fortalte om ei endring i kjenslene om vigslinga. Gerd og Camilla var, slik eg tolkar dei, ikkje så oppteken av sjølve vigslinga på førehand, og var redd det innebar for mykje fokus på dei som personar og at det kunne bli litt mykje oppstyr av det. Dette endra seg, fortel dei. Det eine var at vigslinga viste for dei at dei ikkje skulle stå åleine i tenesta, men saman med kyrkjelyden og heile kyrkja. Gerd siterte noko biskopen sa til henne: «Men, for at du skal vite at dette ikke bare henger på dine skuldre så kaller vi deg som kirke til denne tjenesten.» Eg forstår henne slik at gjennom vigslinga blir ansvaret for tenesta til diakonen spreidd mellom biskopen som kallar på vegne av kyrkja, kyrkjelyden som tek imot diakonen og får ansvar for å be for henne og støtte henne, og sjølvsagt diakonen. Slik eg forstod henne gav denne «ansvarsfordelinga» frimod til å tene slik ho kunne, men og til å setje grenser og

¹³⁴ Jmf. Plan for diakoni s. 21 og LWF s. 26, 30, 33 mf.

akseptere eigne begrensingar. Også Camilla var inne på denne tredelinga av ansvar: «Du skal bærer, da. Både av menigheten og av Gud og, biskopen som ber for deg». Begge ser tilbake på dagen som ei positiv og betydningsfull oppleving.

Sjølv om diakonane ikkje gjekk rundt og tenkte mykje på formuleringa om å leva etter Guds ord heilt eksplisitt, var innhaldet i det viktig for dei. Til dømes fortalte Gerd at dette hadde vore viktig for henne også før ho blei diakon og vigsla. Slik eg oppfatta henne såg ho det som ein naturleg del av det å vera ein kristen. Slik sett stod ikkje vigslingsa for nokon endring i hennar ønske om av hjarta å leva etter Guds ord. Likevel ser eg det som viktig at formuleringa er med, mellom anna på grunn av frimodet det gjev til teneste (Gerd), profetisk diakoni (Camilla) og medvitet rundt eigen livsstil (Silje).

4.2.3 Oppsummering og refleksjon

Eg forstår diakonane slik at omgrepet «å leva etter Guds ord» for dei både handlar om å ha ei levande relasjon til Gud, og at ein lever eit liv som samsvarer med det dei oppfattar som ei etisk rettleiing i Bibelen. Dette kjem spesielt til uttrykk i måten dei møter menneske på. Begge deler handlar om livsstil, det omfattar heile livet. Dei tenkjer at relasjonen til Gud påverker dei og preger dei, slik at dei vil handle og vere meir i tråd med slik dei oppfattar at Bibelen vil at dei skal. Ein heilskapleg spiritualitet er dermed eit stikkord. Dei tenkjer at brukar dei tid til truspraksisar, vil det prege måten dei møter menneske på i positiv forstand, både i arbeidsoppgåver og i livet elles. Eg ser her fleire likskapar med habitus-teorien som er presentert ovanfor. Når dei snakkar om å bli prega av Gud eller forma av han, ser eg dette som at dei ønskjer å utvikle eit kristent instinkt.¹³⁵ Målet med å «innbu den sosiale røynda til den blir eit «habitus»»¹³⁶. Til dømes, når Petter ber for dei han skal møte komande dag, kan ein sjå det som ei øving til å møte dei på ein slik måte at det viser noko av korleis Jesus møter menneske. Når dette kan kallast eit habitus, er det fordi det blir ein del av korleis personen er. Han møter folk på ein god måte av vane, ikkje som noko ein anstrenger seg for å gjera. Som nemnd over er dette eit mål, noko å strekkja seg etter, noko å øve på.

Camilla meiner at å leve etter Guds ord handlar om å søkje Guds vilje for jobben hennar og kyrkjelyden. Ballard og Pritchard føreslår tre metodar innan habitus-tankegangen for korleis den kristne kan integrere tenking, bøn og oppførsel i ein teologisk refleksjon for å fullføre

¹³⁵ Sjå kap. 2.2.1

¹³⁶ Sjå kap. 2.2.1

Guds oppdrag her og no.¹³⁷ Det er samtale, spørje seg kva Jesus ville ha gjort og liturgi. I mitt materiale finn eg til dømes Silje som snakka om å følgje Jesus føredøme. Eg forstår henne slik at ho då spør seg nettopp kva Jesus ville ha gjort. Den liturgiske responsen vil bli analysert i kapittel 2.3 om praksisar.

Vi ser at diakonane sin forståing av det leva etter Guds ord langt på veg samsvarer med habitus-omgrepet, både måten å forstå spiritualiteten og i korleis dei handlar utifrå det. Det vil derfor vera eit nyttig verktøy i den vidare drøftinga. Eg vil no gå vidare til å sjå meir konkret på kva diakonane faktisk gjer, deira truspraksisar.

4.3 Praksisar

Eg vil i det følgjande fokusere på delproblemstilling 3: «Har diakonane truspraksisar for å trengje *djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen?* Kva då?» Først kjem litt om kjensler og assosiasjonar til forpliktinga diakonane får pålagt seg i vigslinga: at *du i studium og bøn trengjer djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen*. Deretter kjem litt om dei praksisane dei har. Til slutt oppsummering og refleksjonar.

4.3.1 Kjensler, assosiasjonar

Når eg skulle spørje diakonane om kva truspraksisar dei har, starta eg også her med kva kjensler og assosiasjonar dei hadde i samband med setninga over frå vigslingsformaninga. På dette punktet var det blanda kjensler, og kanskje eit større spekter av negative kjensler enn når det gjaldt å leva etter Guds ord. Fleire fortalte om at dei kunne oppleve å ha därleg samvit fordi dei ikkje brukte nok tid på bøne- og studiepraksisar. Asbjørn fortalte at han var skuffa over seg sjølv fordi han ikkje «har orden på dagen, slik at det naturlige er å.. å starte med Guds ord der». Eg forstod han slik at dagane var veldig forskjellige, og at det derfor var vanskeleg å få inn rutinar på til dømes bibel og bøn til ei bestemt tid kvar dag. Rutiner han hadde hatt tidlegare opplevde han at «smuldret littegranne opp» då han blei tilsett i diakonstilling.

¹³⁷ Sjå kap. 2.2.1

«Yes, det står liksom i viglsingsritualet at me skal, me skal bruke tid på bønn!» Det var og kjensler av meir positiv art som kom fram. Sitatet er frå samtalene med Camilla. Eg tolka henne slik at det å kunne bruke arbeidstid på bøn var ei stor glede for henne. Asbjørn fortalte at det å «få lov til å.. jobbe med Guds ord» for han var ein vesentleg side ved det å bli diakon. Når han brukar omgrepet «få lov til» oppfattar eg han som at han ser det som eit privilegium. Han vektlegg og at det er viktig å «leve tett til ordet» og «kunne bibelen rimeleg godt», slik at han kan bruke den i forskjellige situasjonar. Når han seier «leve tett til ordet» forstår eg det slik at han brukar tid på både å lese eller på andre måtar ta til seg det bibelen seier, men og at han forsøker å la bibelens bodskap forme han og hans liv.

Når det kjem til kva diakonane konkret gjer, kva praksisar dei har eg delt desse inn i to hovudkategoriar. Det er intensionelle og innnevde praksisar.¹⁴³ i det følgjande vil eg gå nærmare inn på dei.

4.3.2 Intensionelle praksisar

Intensionelle praksisar handlar om praksisar som ein set av tid til, for å halde på med nettopp det.¹⁴⁴ Eg har delt denne delen i to, personlege praksisar som diakonane har åleine på eige initiativ, og praksisar i stab og i kyrkjelyden som diakonane har i lag med andre.

Personlege praksisar.

Først litt om omgrepet personlege praksisar. Med dette omgrepet meiner eg praksisar som diakonane har åleine når dei sjølv ønskjer det eller finn tid til det, der målet er å styrke sitt eige trusliv. Det er dermed også intensionelle praksisar, fordi diakonen oppsøkjer dei for sin eigen del. Slike praksisar kan vera stille stund, lese i bibelen eller andeleg litteratur, tenne lys, syngje eller andre ting. Det kan vera både i og utanfor arbeidstida, men eg har valt å fokusere mest på det som skjer innanfor arbeidstida.

Noko som går att hos fleire av diakonane er at ein ønskjer å ha ein struktur på dette, men opplever at det er vanskeleg å få til då arbeidskvardagen er lite rutineprega og stillingsinstruksane er diffuse. Det som gjeld stillingsinstruksar vil og bli omtala i delen om kva rolle praksisane har i arbeidskvardagen. Her fokuserer eg på kva dei faktisk gjer – eller ønskjer at dei gjorde. Alle diakonane gjev uttrykk for at det å bruke tid til personlege praksisar

¹⁴³ Sjå kap. 2.2.2

¹⁴⁴ Sjå kap. 2.2.2

er viktig for dei, men fleirtalet gjev også uttrykk for at dei saknar system og rutinar. Til dømes Gerd opplever at ho har høve til å ta ein del tid til studium, men at dette har lett for å «drukne» i alt som skal gjerast i kvardagen: «Så er det det at hverdagen tar deg littegranne.» Mitt inntrykk frå fleire av samtalene er at kvardagen deira er lite rutineprega, det er få dagar som er like. I tillegg til mykje som skal eller kan gjerast, gjer dette at det er «utfordrende å finne faste rutiner for bønn og studium».

Men sjølv om det er utfordrande å finne tid er det også ein del praksisar som blir gjort. Ein av dei syng salmar om morgonen, når han er åleine på kyrkjekontoret. Ein passer på å ha stille stund i løpet av dagen. Ein fortel at han ber for dagen, ber for dei han møter og visdom til å møte dei på ein god måte. I tillegg fortel dei om praksisar dei gjer i lag med andre, anten som stab eller i større eller mindre grupper i kyrkjelyden til dømes.

Praksisar i stab og i kyrkjelyden

Sjølv om ein og kan argumentere for at til dømes andakt i stabsmøtet er ein del av jobben som diakon, og at det dermed kunne kategoriserast som ein innvevd praksis, har eg likevel plassert det her under intensjonell. Det er fullt mogeleg å ha stabsmøte utan andakt, så når stabane likevel vel å ha det med ser eg dette som at ein som fellesskap vel å setje av tid til det. Det at fleire av diakonane fortel om rom til å dele det ein har på hjartet, vera stille i lag og liknande, tolkar eg som eit høve til å fokusere på sin eigen spiritualitet i lag med dei andre. Også dette talar for ei plassering innan dei intensjonelle praksisane. Dette viser og at røynda som oftast er meir innfløkt enn dei vitskapelege modellane, og at kategoriane til ein viss grad overlappar kvarandre.

Fleire av diakonane fortel om praksisar dei har i fellesskap med andre, til dømes i bibelgrupper og bønegrupper, gudstenester og andre samlingar. Eg vil her gje mest merksemd til praksisane dei har i lag med staben. Utifrå det dei fortel, ser det ut til at det er forskjellige erfaringar med kor mykje dette er prioritert i stabane. For staben Gerd er ein del av verker dette utifrå det ho fotel å vera svært viktig for fleire av dei, både leiarar og andre tilsette. Dei har andakt kvar veke i samband med stabsmøtet, der dei brukar syng og tenner lys. I samband med lystenninga er det høve til å sei noko eller be ei bøn. Her forstår eg at dei tek med både ting som handlar om jobben i kyrkjelyden, men og meir personlege ting. Ho gjev uttrykk for at ho har «veldig behov for akkurat den stunden». Petter fortel om liknande

samlingar med sin stab. For hans stab varierer det kor ofte det blir, men «intensjonen ... er jo å ha dette bønnefellesskapet der vi ber både for kvarandre og for jobben vår, og ... oss sjølve.» Eg tolkar han slik at han opplever at det er ein felles målsetjing for heile staben at staben skal fungere som eit bønnefellesskap der ein ber for kvarandre, for tenesta og for kyrkjelyden. Han brukte og formuleringa «ber for det som ligg oss på hjertet» og eg forstår han slik at det også er rom for å ta fram private ting i bøna, ikkje berre det som omhandlar jobben. Slik blir og det personlege fletta inn i dei andelege praksisane i staben.

Camilla fortel om at det i staben har vore ulike tankar om kor viktig det er med bønepraksisar i lag, og at det tidlegare har vore lite fellespraksisar i staben – noko ho fortel at ho arbeider for å endre på. For henne er fellespraksisane svært viktige, ho: «... brenner og for det at heile staben skal vere et bønnefellesskap...». Slik eg forstår henne handlar det både om fellesskapet i staben skal fungere, men og kva det vil sei å vera kyrkje. «Me skal fungere sammen og få.. du veit det derre med at me er Kristi legeme..» Eg forstår henne slik at ho meiner at bøna kan få staben til å fungere meir som Kristi kropp, Hans reiskap på jorda. Staben skal fungere saman, som eit fellesskap, og at dette fellesskapet kan vise noko av kven Jesus er. Utan bønnefellesskapet vil kyrkja slik eg oppfattar henne ikkje fungere som ein levande kyrkjelyd, men bli ein organisasjon som arrangerer ulike aktivitetar som ikkje formidlar noko meir. Ho fortel vidare at det har «blitt litt rutine for» å ha ein kvardagsmesse med nattverd i samband med stabsmøtet, noko ho omtalar svært positivt. Når ho seier «litt rutine» forstår eg det slik at denne vanen framleis er under innarbeiding.

Oppsummering og refleksjonar

Som nemnd tidlegare i denne oppgåva baserer den seg på det diakonane fortel om sine praksisar. Eg har dermed ikkje noko høve til å vurdere kva det faktisk betyr når dei seier at dei ber mykje eller ber lite. Det kan hende at det den eine diakonen opplever som mykje, vil den andre oppleve som lite. Men det er ikkje noko mål å samanlikne dei mot kvarandre, eller mot det eg sjølv meiner, men heller utforske deira oppleving av sine praksisar i sin kvardag. Når det er sagt, er det nokre punkt eg vil trekkje fram som eg meiner er viktige. Det første er at alle diakonane opplever det som ein viktig del av det å vera diakon at dei brukar tid på studium og bøn, slik dei har lova i vigslingsliturgien, men for fleirtalet er det ein utfordring å skape gode rutinar på dette. Det gjer at dei ikkje får prioritert det i den grad dei skulle ønskje. Her ser det som stabsfellesskapet og andre fellesskap kan vera til hjelp. Andakt eller liknande i samband med stabsmøte gjev ein rutine som diakonane opplever som viktig. Her er det

derimot ei anna utfordring som melder seg for nokre av diakonane, og det er at det ikkje ser ut til å vera semje om kor viktig felles andakt er mellom kollegane i staben. Desse punkta vil eg kome tilbake til i drøftinga.

Eg har no analysert det diakonane fortel om intensionelle praksisar. Dei fortel og om praksisar som skjer til dømes i førebuing av andaktar og tiltak, og medan dei held på med noko anna. Den neste delen handlar om såkalla innnevde praksisar.

4.3.3 Innnevde praksisar

Diakonane fortel og om det eg har valt å kategorisere som innnevde praksisar.¹⁴⁵ Denne kategorien har eg igjen delt inn i Praksisar i samband med arbeidsoppgåver og Praksisar undervegs.

Praksisar i samband med arbeidsoppgåver

Diakonane fortel om at dei har ansvar for ulike arrangement der det skal vera andakt, forkynning, bønestunder og liknande. Skal dei ha andakt eller liknande, vil dei nødvendigvis bruke tid på førebuing, der dei les tekstane og ber. Dei opplever og at dei sjølv har utbyte av tiltaka der dei har ansvar for ulike ting. Silje seier: «Eg får jo hver uke være med på, enten å ha en andakt eller å høre en andakt, og be sammen med dem som kommer hit på onsdag formiddag» Eg trur nok det opplevast forskjellig å ha ein andakt sjølv og det å høyre ein andakt, men på kvar sin måte bidreg dette til diakonane sitt trusliv. Det vil nok og vera forskjellig å bidra som liturg og som medlem i kyrkjelyden under ei gudsteneste. Silje fortset: «Eg har ofte veldig sterke opplevelser av å få være med på dem tiltaka eller gudstenestane som eg har. Og det å få dele ut nattverd, og det å få lyse velsignelsen, og det å få be for små barn som kommer fram til nattverd ... Eg er nok spesielt glad i nattverd, eg då. Det å få dele ut nattverd og få være med på å se folk i øyane ... Det er vel noko av det beste eg får gjøre, trur eg.»

For Gerd opplevast det som gjevande å ha ansvar for ei stille stund på eit lågterskeltilbod. «Jeg har med..-det kan være dikt, eller det kan være en liten fortelling, det kan være et bibelvers - det varierer litt. Osså ber vi sammen.» Ho skildrar det som viktig for henne, og at

¹⁴⁵ Sjå kap. 2.2.2

ho og får høve til å ta fram ting frå sitt liv og si teneste. Vidare skildrar ho det som eit «et godt, bærende fellesskap»

Fleire av diakonane fortel om ordningar for forbøn i kyrkjelyden som dei har som del av sine arbeidsoppgåver. For å få ein struktur på dette har fleire ordna med bøneskrin eller liknande som folk kan leggje lapper med bøneonskje på. Camilla fortel om at ho set av tid til å «lese lappene og be for det. Det må eg jo!» Dette verker å vera viktig både som ein bønepraksis for henne, men og for kyrkjelyden. «Og det kjem jo inn utruleg mye. Og her er.. dette her er folks liv, ikke sant?» Eg forstår henne slik at ho opplever det som stort å få eit slikt innblikk i kva som skjer i liva til folk i kyrkjelyden, og få høve til å vise omsorg og kjærleik ved å kunne setje av tid til å be for dei.

Også i samtaler med einskildpersonar hender det at diakonane ber i lag med dei som kjem til samtale. Petter fortel: «av og til spør eg, viss det liksom ligg an til det, eller.. føler at kontakten er der så spør eg om vi skal avslutte med ei bønn» Han vektla det å vise respekt for den andre sin tru i slike høve, og at dette ikkje måtte opplevast som nokon form for press, korkje for han sjølv eller for konfidenten. Dette krev slik eg ser det både ei finkjensle for situasjonen og behova til den andre, men og ein tryggleik på det å be for menneske i ein sårbar situasjon. «Jeg har nesten aldri snakket med noen om akkurat det. Hvordan skal man be med mennesker som er i en livssituasjon som er krevende, vanskelig – hvor jeg må lede bønnen. Og hvor jeg både skal sette meg inn i den andres liv, og samtidig så tar jeg alltid meg selv med også, i bønnen.» Eg meiner det er interessant at han nesten aldri har snakka med nokon om korleis ein skal be for menneske. Han fortel og at han alltid tek seg sjølv med i bøna, når han ber i lag med menneske. Eg forstår han slik at han ønskjer å vise ein gjensidigkeit mellom seg og konfidenten, at dei begge er like avhengige av Guds nåde i sine liv, og at diakonen ikkje har løysinga på dei problema konfidenten opplever, men saman kan dei leggje det fram for Gud i bøn.

Praksisar undervegs

Dette er bøner eller truspraksisar i bestemte situasjonar som kjem næraast som ein refleks eller noko ein gjer av vane kanskje utan å vera heilt medviten om det. Det kan vera ei lita bøn om visdom i ein krevjande samtale eller ei bøn om hjelp før ein går på prekestolen. «Det med gudsforholdet handler jo om å prate med Gud underveis også» seier ho. Det er Gerd som seier dette. Eg forstår henne slik at ho opplever at ho kan be når som helst i alle mogelege

situasjonar. Camilla fortalte om ein situasjon der ho var i tvil på kva ho skulle gjere. Ho formulerte seg slik: «Og så tar eg den der litt raske som.. tanken, «Gud», altså den derre bønnen som egentlig bare handler om at du liksom puster inn og «Kva skal eg egentlig gjøre?»» Ho samaliknar slike bønar med pusten, slik eg forstår henne er ikkje bøna eingong formulert, men ho vender merksemda til Gud medan ho tenkjer på kva ho skal gjera. Utifrå måten ho sa det på, tolkar eg det som dette var nokså vanleg for henne, noko ho gjer som ein refleks eller av vane. I denne konkrete situasjonen, fortalte ho, opplevde ho og at Gud og gav ei form for rettleiing. Silje fortalte at slike bøner «slår .. seg automatisk inn».

Oppsummering og refleksjonar

Det ser for meg ut til at dei innnevde praksisane er ein viktig del av truslivet til diakonane. Her ser eg at noko av min forforståing justerast noko. Eg har vore inspirert av Magnus Malm som er oppteken av at andaktslivet ikkje må reduserast til førebuingar¹⁴⁶. Men for diakonane her ser førebuingane ut til å vera eit viktig bidrag til deira bøneliv som dei set pris på. Også når dei ber for andre, ser dette ut til å prege dei og forholdet til tenesta og til fellesskapet. Det var og spanande å høre om praksisane undervegs som kjem automatisk, som refleks eller av vane. Desse vil eg kome tilbake til i drøftinga.

4.4 Truspraksisane sin rolle i arbeidskvardagen?

Eg vil no sjå på delproblemstilling 4: *Kva rolle opplever diakonane at truspraksisane har i arbeidskvardagen?* Når eg skriv om dette er det også her det diakonane fortel eg har som utgangspunkt. Når dei skildrar til dømes opplevelingar av Gud i sin kvardag eller at bønelivet gjer noko med menneskesynet deira, har eg ikkje noko moglegheit til å etterprøve det eller verifikasiere det. Det kan vera andre faktorer som speler inn. Men det er heller ikkje poenget med ein fenomenologisk studie.¹⁴⁷ Eg er her ute etter diakonane si *oppleveling* av truspraksisane i sin kvardag.

4.4.1 Opplevelingar av Gud i kvardagen

Diakonane opplever på forskjellige måtar at Gud er ein del av deira kvardag ved at han «har utrusta», har gjeve ei «nådegave til å tjene» eller at han førebur situasjonar som diakonen kan gå inn i. Slik skildrar dei på forskjellige måtar eit slags samarbeid mellom diakonen og Gud.

¹⁴⁶ Sjå kap. 1.2

¹⁴⁷ Sjå kap. 3

«Gud har en liten finger med, han. Så får jeg en mulighet.» Sitatet er frå samtalens med Asbjørn. Dette samsvarer med eit av Kaufman sine funn.¹⁴⁸ Både prestar og diakonar opplever å vera avhengige av Gud i arbeidet sitt. For meg verker det som trua får tenesta, trua og den personen ein er til å henge saman i ein heilskap. Asbjørn fortel: «dette med å få lov til at Gud kunne virke gjennom meg. På forunderlig vis. ... Det var knyttet til Hans ord, til mitt personlige bønneliv og trosliv. Det var det som gjorde at jeg kunne gi mye...» Dei fortel om ein avhengighet av Gud i sin kvardag. Camilla snakka om det at å leva etter Guds ord, eller forkynne evangeliet i praksis, er «heilt dødfødt» åleine. Ho fortset: «Altså det er hans, heilt reine kjærlighet eg skal formidle. Og viss eg skal greie det så må eg vere heilt nullstilt og stille, da. Og da får han sleppe til.» Slik eg forstår henne er det avgjerande for henne at ho får bruke tid til stille bøn for å kunne gjøre diakoni som er evangeliet i handling¹⁴⁹. Silje sitt svar då eg spurde om ho kunne vera utan bøn i arbeidet sitt, illustrerer det same: «Nei, trur ikkje eg kunne det. ... Det hadde blitt veldig tungt. Det hadde nok ikkje gått så lenge.»

Samarbeidet med Gud krev ifølgje Camilla ei nullstilling, slik at Gud kan sleppe til. I samtalens med Petter kom vi inn på noko av same tematikken. Han snakka om sitt medvit i forskjellige situasjoner som gjer at han kan oppleve at Gud bruker han i møte med menneske. Han seier: «tenk at eg får lov å vere meg sjølv i møte med dei, ... og så får då Gud bruke meg sånn som han vil. Det er klart, det har noko med min bevisstheit å gjer, og. Det å bruke dei anledningene eg får oppi hendene» På spørsmål om korleis han trur medvitet blir utvikla, er han ikkje sikker: «Nei, det veit eg ikkje. Det kan godt hende at det har noko med mitt åndelige liv å gjere.» Han nemner at det andelege livet kan vera noko av det som utviklar medvitet, men slik eg tolkar han vil han er det ikkje noko han kan påvise. Men han fortel vidare om at det å leva meir medvite i forhold til bibel og bøn, «det gjer meg vel meir bevisst i møte med desse menneska som kjem i min veg.» Det at ein ikkje kan følgje samanhengane direkte, meiner eg berre aukar trusdimensjonen i dette. Ein *trur* at bøna verker inn på haldningar og medvitet i møte med menneske, og ein *trur* at Gud er til stades i alle situasjoner og ein handlar utifrå denne trua. Derfor meiner eg at møte med menneske også kan vera ein truspraksis, noko ein gjer basert på trua og som utviklar trua.

¹⁴⁸ Kaufman (2011) s. 121

¹⁴⁹ Sjå kap. 1.5

4.4.2 Bøn, menneskesyn og relasjonar

Gerd fortel om at korleis ein ser på seg sjølv og korleis ein ser på andre heng saman. Gjennom bøna kan ein oppleve at Gud stoppar foran kvar einskild og ser oss. Dette forholdet mellom Gud og den einskilde «har jo ringvirkninger, for andre» Ein kan lære å sjå både «hverandre og oss sjølv med Guds blikk», og med rausheit. Eg forstår henne slik at ho i bøna opplever å bli bekrefta, sett, slik ho er, av Gud. Og når ho opplever at Gud er raus med henne, gjer det det lettare for henne å vera raus i møte med andre menneske. Camilla fortel at bøna hjelper henne å sjå menneske slik som Jesus ville sett dei, det vil for henne sei å sjå menneske utan å dele dei inn i grupper som ressurssterke – ressurssvake, og til å sjå ressursar hos menneske der ein kanskje ikkje skulle vente det. «Og det bønn kan hjelpe oss med, det er å sjå. Sjå sånn som Gud ville sett, da, eller Jesus ville sett.» Silje fortel om at ho jobber med seg sjølv «i det å be om å få se menneske sånn som Jesus ser dem, og få den kjærligheten som han har for dem». For henne er dette ein måte å takle relasjonar som kan vera utfordrande. Diakonane opplever altså at bønepraksisane har ein rolle i deira arbeid som noko som former både korleis dei ser på menneska rundt seg, og ei hjelp til å møte menneske på ein god måte.

Asbjørn fortel om at han tenkjer at han møter Gud «i den som ikke har mat, den som er ensom. Den som sitter i fengsel. Altså, vi møter ham i møte med mennesker», og at dette er noko av kjerna i det å vera diakon og det å vera kristen. Dermed er det ifølgje han ein «åndelig dimensjon over enhver god handling». Eg forstår han slik at det å gjera gode handlingar for han er ein truspraksis som vitnar om at det finst kjærleik i verda. For han kan dermed gode handlingar vera ein truspraksis.

Diakonane fortel at bøna preger relasjonar til andre, men eg ville og vite om det og kunne vera omvendt – at møte med menneske kunne gjera noko med deira tru og Gudsforhold. Dette opplever dei på forskjellige måtar. Camilla fortel om at ho kan oppleve det utfordrande å møte menneske på den måten ho oppfattar at Gud vil ho skal. Då opplever ho at «Møte med folk, preger min gudsrelasjon på den måten at det drar meg til Gud» I slike møte vert det tydeleg for henne at ho treng Gud. Ho opplever det og med motsett forteikn. «Den største rikdommen Gud gir meg er jo ... menneske eg møter. ... han har lagt ned i alle mennesker noe av seg sjølv.» Slik eg forstår henne, opplever ho at Gud viser noko av kven Han er gjennom andre menneske og at dette er noko som gjer livet hennar rikare. Ho fortel vidare at hennar gudstru «blir justert gjennom andre mennesker.»

Silje har fått oppleve at «Gud har blitt veldig masse større» for henne gjennom å møte forskjellige former til tru. Eg forstår henne slik at i møte med andre menneske blir trua hennar rikare og rommer meir.

Oppsummering og refleksjonar

Slik eg forstår diakonane opplever dei at trua, bønelivet, personlegdomen og det diakonale arbeidet er innfiltrert i kvarandre til ein heilskap. Dei ulike delane i heilskapen påverker kvarandre og er avhengige av kvarandre. Likeins med relasjonane til andre menneske som dei møter gjennom tenesta som diakon. Dei opplever at Gud hjelper dei å møte andre på ein god måte, og samstundes at desse møta kan gje diakonane noko tilbake som bidreg til deira gudsrelasjon.

4.4.3 Bøna er ein ressurs

Eg vil no gå litt djupare inn i kva rolle truspraksisane speler i arbeidet til diakonane. For å gjera det vil eg sjå på praksisane som ressursar i det diakonale arbeidet. Det er med varsemd og nokre etterhald eg vil skrive om trua og bøna som ressursar. Mitt utgangspunkt er at hovudpoenget med trua og bøna må alltid vera fellesskapet med den treeinige Gud, og at dette er eit mål i seg sjølv.¹⁵⁰ Eg tenkjer at det viktigaste med bøn er at den opnar for at Gud faktisk kan gripe inn i liva våre. Men når ein begynner å sjå på bøna som ein ressurs kan ein gå glipp av dette og berre fokusere på psykologiske og sosiale effektar ved fenomenet bøn, som og er til stades. Likevel vil eg bruke dette omrepet fordi det gjer det lettare å skildre og forstå noko av den rollen spiritualiteten til diakonane har i deira arbeidskvardag.

Bøna skapar likeverd

«Og så er det ... et godt, bærende fellesskap. Ja. ...så om jeg er diakonen, og liksom på jobb, da, så opplever jeg det veldig sånn gjensidig, og veldig godt å være. Og jeg kan ta opp ting, ... som berører meg.»

Sitatet er frå samtalene med Gerd. På eit ope spørsmål om truspraksisar i arbeidstida fortalte ho mellom anna om eit lågterskeltilbod som ho har ansvar for, der det er enkel servering, sosialt og som oftast «stille stund» som ho har ansvar for. Sjølv om det er ho som har ansvaret

¹⁵⁰ Jmf kap. 1.2

og er ein profesjonell diakon som er på jobb, opplever ho og at ho kan ta opp ting som dei andre kan be for. Ho får høve til å vera sårbar, og dei «uprosesjonelle» får høve til å be for henne. Ho kallar det «gjensidig», og eg forstår dette som at både ho og dei andre som kjem får både vera gjevarar og mottakarar. Eg meiner dette er eit døme på at bøna er ein ressurs som skapar likeverd. Med likeverd, meiner eg her at diakonen og dei ho møter i tenesta si, får kome ut at kategoriane som hjelpar og mottakar. Eg vil i det følgjande vise fleire måtar bøna og trua kan skape likeverd utifrå samtalene med diakonane.

Asbjørn fortel om at det er viktig for han å ta med seg «(en) erkjennelse av at jeg trenger jo Gud like mye i mitt liv.» Eg forstår det slik at bøna minner han om at han treng Gud like mykje i sitt eige liv, som dei menneske han møter i arbeidet sitt. Slik kan bøna skape likeverd. Her må eg nemne at sjølv om diakonen opplever at bøna skapar ein likeverdig relasjon, er det ikkje sikkert den andre parten gjer det. Det har eg ikkje moglegheit til å undersøkje i mitt materiale. Når det er sagt, vil eg meine at sidan Asbjørn fortel om dette, kan vi også slutte at han er medviten om at også han treng Guds nåde i livet sitt på same måte som andre. Han er medviten om at dei begge mottakarar framfor Gud. Camilla kallar dette for «nådens nullpunkt. Altså overfor Gud, så er me heilt like.» For henne handlar det om å nullstille seg og sleppe Gud til, «og når det handler om å sleppe Gud til, så handler det og om å sleppe andre mennesker til.»

Fleire av diakonane nemner nattverden som ein ressurs til å skape likeverd. «det er der me utrustes. Åndelig, materielt, sosialt, eh.. Og der me lærer at me skal dele, ikkje sant.» forklarar Camilla. For henne er nattverden det «mest intime, og sterkeste gudsmøtet» i tillegg til at det skaper eit fellesskap av mottakarar. Når diakonen er med på utdeling av nattverd, er dette ifølgje Silje eit høve til å gje menneske ei kjensle av å bli sett: «Du får gi noko til folk, men så får du og se hver enkelt i øya mens du gjør det. Du får liksom møte blikket»

Hjelp til å forholde seg til ting. Grensesetting, utilstrekkelegheit

«Eg tenker at det er i den studium og bønn. Å trenge djupare inn. Så gjør det liksom at du kan heve blikket litt. Du kan ta en litt sånn time out. Gå inn i liksom kva er det egentlig det handler om, diakoni? Heilhetsforståelsen.»

Camilla vektlegg her at studium og bøn gjer at ho kan få heve blikket over alle gjeremåla i kvardagen, og fokusere på kva diakoni eigentleg handlar om. Ho meiner at ved å gjere dette vil ho bli ein betre diakon, og kyrkja meir vital. For henne handlar dette om å ta tid til stille.

Bøna fungerer også som ein ressurs for diakonane i det å forholde seg til krevjande ting. Det kan vera møte med eigen utilstrekkelegheit, det å måtte setje grenser, krevjande samtaler osv. For Gerd fungerer bøna som ein ventil for kjensler og tankar som er vanskelege: «av og til sukker (eg) til Gud, og av og til så er eg rasende på han.» Også Asbjørn fortel om at han brukar Gud som ein ventil, og at han kan gå til Gud for å «legge noe fra meg». Eg forstår det slik at når han møter krevjande ting i tenesta og ting han ikkje rår over, kan han leggje frå seg noko av det gjennom bøn til Gud.

Diakonane fortel og om ein kvardag som krev mykje. «du kan jo bli heilt utslitt, av å være diakon, for at det er så innmari mye.» Det kan vera krevjande å prioritere, og diffuse rammer rundt stillinga, noko eg vil kome tilbake til seinare. Dette kan skape utryggleik både på om ein gjer riktig ting og å vurdere om ein gjer ein god jobb. I dette opplever Asbjørn at Gud kan gje ny energi: «Han er jo overskudd!» Camilla fortel at ho ber om at Gud må vise henne kva ho skal bruke tida si på, og erfarer at «når eg har prioritert det, ... så merker eg jo at det gjør noko med meg.»

«Det har vore viktig for meg i min tjeneste som diakon. Vise at vi som kirke har ein kompetanse som kanskje ikkje verken psykiatriske sjukepleiarar eller helsesøstre eller andre har, men vi har ein kompetanse som gjer at vi kan møte menneske på ein annen måte enn det dei kan.»

Sitatet er frå samtalet med Petter. Eg oppfattar han slik at trua hans er for han ein ressurs og ein ressurs som er til stor nytte i møte med menneske i vanskelege livssituasjonar. Slik eg fortsår han, så snakkar han ikkje her om ein bestemt praksis som bøn eller nattverd, men om sjølve trua som han har med seg i alle situasjonar.

Oppsummering og refleksjon

Truspraksisane kan brukast som ressursar i arbeidet til diakonane. Dei bidreg til å skape likeverdige relasjonar prega av gjensidigkeit mellom diakonen og dei han møter i tenesta si. Praksisane former medvitet til diakonane, og det er og noko diakonane kan gjera i lag med

andre menneske og som likestiller dei framfor Gud. Vidare er praksisane ressursar som diakonane opplever som ei hjelp til å takle ulike utfordringar i kvardagen.

4.4.4 Stillingsinstruksar og tankar kring bruk av arbeidstid til bøn

Her kjem dei funna eg gjorde når det gjeld kva rolle diakonane opplever at truslivet har i høve til dei strukturane dei har rundt sine stillingar, stillingsinstruks, tidsbruk, prioriteringar osb.

Når det gjeld stillingsinstruksar må eg først sei at eg baserer meg igjen på det diakonane fortel, og søker å utforske korleis dei opplever dette i sin kvardag. Eg har ikkje lese stillingsinstruksane sjølv, men baserer meg på det dei fortel. Eg har heller ikkje gått konkret inn i tidsbruken ved å til dømes telje timer eller liknande. Kva diakonane vil vurdere som «nok» tid til bøn, vil derfor truleg variere frå diakon til diakon.

Erfaringane med stillingsinstruksar er forskjellige. Gerd var sjølv med å utarbeide sin instruks, og ønskja at «dette med studium og bønn, at det kommer opp som .. punkt 1» Eg forstår henne slik at ho vurderer truslivet sitt som eit slags utgangspunkt for arbeidet, og ein viktig del av det å vera diakon. Dermed kjem det øverst på lista for henne. Asbjørn opplever det og slik. Han seier: «det gledet jeg meg til da jeg gikk inn i stillingen, kunne få lov til å jobbe med Guds ord i mitt arbeid, og for egen del.» Han og ser det som ein naturleg del av det å vera diakon. Når det kjem til instruks, fortel han at han har svært lite å forholde seg til. «det er nesten ingenting om hva jeg skal gjøre, hvordan jeg skal arbeide.» Han poengterte derfor at dette gjer orda i vigslingsliturgien endå viktigare. Det er formaninga tydeleg på at diakonen skal bruke tid til studium og bøn.¹⁵¹ Også Camilla opplever orda frå vigslingsliturgien som viktige, av same grunn. Ho fortel om ei spenning mellom dei to arbeidsgjevarlinjene i kyrkja. Fellesrådet, fortel ho, «vil at vi skal bruke tida vår på jobb, effektivt. Diakonien skal syns.» Kravet om at diakonien skal synast viser seg og i stillingsinstruksen til Camilla: «i stillingsinstruksen og arbeidsplanen min så står det egentlig ganske detaljert kor mye tid eg skal bruke på alle dei forskjellige aktivitetane.» Men det står ikkje noko om tid til studium og bøn, fortel ho. Samstundes kjenner ho seg forplikta på løftet ho gav i vigslinja. «Trua er så viktig del av stillingen, da, at du faktisk skal bruke arbeidstid på det.» forklarer ho. Det verker og som om ho og arbeidsgjevaren hennar har forskjellige oppfatningar av kva diakoni er. Medan arbeidsgjevaren vil at diakonien skal vera effektiv og

¹⁵¹ Kap 2.1.3

visa etter, meiner Camilla at «Mye av det beste diakonale arbeidet kan aldri vises.» Dette kan kanskje forklare noko av den spenninga ho opplever mellom arbeidsgjevar og biskop.

Silje fortel om at forventningane til diakonar kan vera diffuse fordi ein diakon ein plass gjer noko heilt anna enn ein diakon ein annan plass. Også ho har lite om bøn og studie i arbeidsskildringa og ho opplever det som utfordrande å «rettferdiggjøre litt for seg sjølv» å bruke arbeidstid på det. Dette på tross av at ho gjev klart uttrykk for at diakonar og «er avhengig av det åndelige påfylllet i vår arbeidshverdag».

Oppsummering og refleksjonar

Diakonane verker å vera samde om at det er viktig og riktig for at ein diakon brukar arbeidstid på bøn og studium, slik dei har lova i vigslingsløftet. Det er derimot ulike erfaringar på korleis det er lagt til rette for dette i deira stillingar. Uklåre eller manglande stillingsinstruksar eller forskjellige oppfatningar av kva diakoni er og kva ein diakon skal gjera ser ut til å vera noko av grunnen til dette.

5.0 Drøfting

Hovudproblemstilling for denne oppgåva er: *Korleis forstår diakonar vigslingsløftet om å leva etter Guds ord i sin kvardag, og kva rolle opplever dei at det spelar for deira arbeid som diakonar?*

Eg har i analysen vist korleis diakonane forstår omgrepene «leva etter Guds ord». Det handlar om ei etisk side og ei relasjonell sida. Vidare har eg sett på kva praksisar diakonane fortel at dei har for å ivareta og utvikle den relasjonelle sida og kva rolle desse praksisane har i deira kvardag. I drøftinga vil eg bruke Svend Anderson sin påstand om at profesjonalisering er i utfordring for nestekjærleiken som ein operasjonalisering av problemstillinga mi. Det betyr at eg spissar meg inn på om diakonane sin oppleveling av praksisane sin rolle i kverdagen kan vera ein måte å møte Anderson si utfordring på. Drøftinga har tre deler. Den første tek utgangspunkt i spørsmålet: *Kan den diakonale spiritualiteten gjere det lettare å skape eit personleg forhold mellom hjelpar og mottakar?* Den andre i påstanden: *Det at diakonen får pengar for jobben kan så tvil om den autentisitetten i nestekjærleiken som diakonen viser.* Den tredje ser på *Utfordringar ved å vera profesjonell «bedar».*

5.1 Kan den diakonale spiritualiteten gjere det lettare å skape eit personleg forhold mellom hjelpar og mottakar?

Den diakonale spiritualiteten handlar ifølgje Bach om å endre fokuset frå spørsmålet om «kva skal vi gjera?» og over til «kven er vi?», og at djupast sett handlar dette om at alle menneske er mottakarar og avhengige av kvarandre.¹⁵² Ein slik tankegang kan kanskje gjere noko med medvitet til diakonar i møte med menneske dei møter i sin kvardag. Det kan skje at menneske oppsøkjer diakonen for ein samtale, til dømes, og då vil ein lett sjå dette som at diakonen hjelper konfidenten med problema han eller ho har – heilt tydeleg ein som hjelper og ein som er mottakar. Er ikkje ein slik kategorisering ikkje berre uunngåeleg, men også viktig for at konfidenten skal få det han er ute etter? Funna mine viser noko anna. Til dømes Asbjørn vektlegg å vera det han kallar ein medvandrar, og understrekar veldig tydeleg at han ikkje har løysingar for menneske. Men saman med konfidenten kan han leggje saka fram for Gud i bøn, fortel han. Slik kan bøna vise at både diakonen og konfidenten treng Guds nåde i sine liv, og diakonen kan vera ein formidlar av dette overfor konfidenten.

¹⁵² Sjå kap. 2.1.2

Også i liturgien kan brukast i dette. Diakoni og liturgi er nært knytt saman, noko både litteraturen¹⁵³ og fleire av diakonane i mitt materiale er inne på. Ein fortel om korleis diakonien starter i nattverden, der alle er mottakarar og deler Guds gåver mellom seg. Ein annan at nattverden gjev den som deler ut høve til å sjå kvar einskild i auga, og dermed bekrefte kvar av dei.

At diakoni handlar om kva ein *er*, er også understreka i Plan for diakoni¹⁵⁴. Der er det og understreka at ein heile tida må spørje seg kven som er nesten min, for å gjera trua verksam i handling. Eg meiner ein må utvide dette slik at ein heile tida jobbar med sitt eige medvit i møte med menneske, om det skulle vera i samtale, rundt nattverdbordet eller andre stader, slik og diakonane i mitt materiale fortel om. Til dømes snakkar Petter om dette.¹⁵⁵ Eg trur ikkje det er nokon automatikk i at ein ser og bekreftar menneske i nattveden, eller at kategoriar blir oppløyst berre ein ber. Men dette er ressursar som kan hjelpe ein til å gjera det, om ein er medviten om korleis ein brukar dei. Petter antyda at utviklinga av medvitet kan ha noko med det andelege livet å gjera. Dette finn vi att i habitus-teorien¹⁵⁶. Gjennom å bruke tid i bøn kan ein trenne opp eit kristent instinkt, slik at ein av vane vil møte menneske på ein god måte. Diakoni blir eit habitus, slik det er omtala i LWF-dokumentet.¹⁵⁷

Funna mine viser og at trua kan gje ein einn kompetanse som andre hjelpeapparat ikkje har. Petter snakka om dette, at i møte med død, sjukdom og liding har kyrkja og dei som representerer henne noko meir å kome med enn det offentlege hjelpeapparatet. Eg trur at dersom diakonen og til dømes ein sorgjande person kan dele ei tru på oppstoda og at Gud kan gripe inn i liva til menneske, kan dette gjera noko med forholdet mellom dei i positiv forstand.

Oppsummert meiner eg at det er grunn til å tru at den diakonale spiritualiteten kan gjere det lettare å skape eit personleg forhold mellom hjelpar og mottakar, men det er ikkje nokon automatikk i det, det krev medvit og ein vis omgang med dei ressursane diakonen har. Det er også to forbehold eg meiner ein bør ta med. Det første er at spiritualiteten og kan gje ei form for makt.¹⁵⁸ Å kome til sjelesorg og bli bedt for hos ein diakon kan vera ein svært sårbar

¹⁵³ Sjå kap. 2.1

¹⁵⁴ Sjå kap. 2.1.2

¹⁵⁵ Sjå kap. 4.5.1

¹⁵⁶ Sjå kap. 2.2.1

¹⁵⁷ Sjå kap. 2.1.2

¹⁵⁸ Jmf. Diakonforbundet (2014) punkt 6

situasjon. Det andre er at eg berre har diakonal litteratur og det diakonar fortel å byggje på. Eg har ikkje intervjuet menneske om deira møte med diakonane eller liknande.

5.2 Det at diakonen får pengar for jobben kan så tvil om den autentisiteten i nestekjærleiken som diakonen viser.

Diakonen har som arbeidstakar ei arbeidstid og ulike oppgåver som skal prioriterast innan denne tidsrammen. Som andre tilsette har han og ein leiar som han må rette seg etter, og han får løn for arbeidet. Desse tinga og andre arbeidsvilkår kan det forhandlast om, noko som kan utgjerere ei utfordring for nestekjærleiken¹⁵⁹. Til dømes kan ein stille spørsmålsteikn ved om diakonen verkeleg bryr seg, eller om han berre gjer det som ein del av jobben sin.

Denne utfordringa vil nok vera til stades og i kvardagen til diakonar, og eg ser ikkje noko argument for at den diakonale spiritualiteten kan oppheve den heilt. Derimot meiner eg at det er to funn i mitt materiale som kan fungere som ei motvekt til denne utfordringa. Det eine er at diakonen har ein ressurs for å øve opp nestekjærleiken, også i møte med krevjande relasjonar. Camilla snakka om dette, at ho kan be for menneske som ho har ei krevjande relasjon til, og på den måten øve seg i å sjå dei med den kjærleiken Jesus har til dei. Dette samsvarer med habitus-teorien til Ballard og Pritchard.¹⁶⁰ Habitus handlar om trening av sinn og hjarte, og at gode vaner gjev gode disposisjoner som gjev gode handlingar. Sidan «treningsa» fokuserer på sinnet og hjartet, og ikkje først og fremst på å gjeva gode handlingar, meiner eg det kan vera ein måte å øve seg i nestekjærleik. Om nestekjærleiken blir meir ekte og autentisk, vil det truleg og vera lettare å oppfatte den som det.

Det andre punktet som kan vere ei motmakt mot påstanden over, er at diakonen kan fungere som formidlar av eit større fellesskap av menneske som er gjensidig avhengige av kvarandre, kyrkja. Til dømes i gudstenesta er ofte dei fleste som deltek i fellesskapet ikkje løna for å vera der. Også i andre tiltak, som til dømes lågterskeltilbodet til Petter. Ho fortalte at rollene her kunne snuast, at ho fekk støtte i fellesskapet. Då kan ein og tru at det kan opplevast slik for andre og. Marianne Nygaard skriv at diakonar fungerer som brubyggjarar mellom grupper, dette er eit døme på det.¹⁶¹

¹⁵⁹ Sjå kap. 1.3

¹⁶⁰ Sjå kap. 2.2.1

¹⁶¹ Sjå kap. 1.3

5.3 Utfordringar ved å vera profesjonell «bedar»

Det siste eg vil diskutere i drøftinga er nokre ting som kan vera utfordrande som profesjonell «bedar». Fleire av diakonane i mitt materiale fortel om utfordringar knytt til dette.¹⁶² Eg fann at det handlar om forskjellige oppfatningar av kva diakoni er, og at det kan vera uklart kva plass bøna skal ha i kvardagen til diakonar. Eg meiner å kunne sjå at dei intensjonelle truspraksisane til diakonane er viktige for å forme eit diakonalt habitus. Ballard og Pritchard meiner at praktisk teologi ikkje berre handlar om behov og oppgåver, men om å sjølv vekse i Kristus. Om den einskilde veks, verker det inn på heile fellesskapet. Diakonane fortel at bønepraksisane verker inn på korleis dei ser på tenesta, på andre menneske og preger deira møte med dei. Eg meiner at det dermed er svært uheldig med uklare linjer rundt bruk av arbedistid til bøn. Kanksje må kyrkja våge å ikkje alltid vera effektiv. Gud beveger seg langsomt, kjærleiken beveger seg langsamt.¹⁶³ Kanskje er dette ei hovudutfordring for kyrkja og Guds folk gjennom alle tider? Å vera stille og våge å tru at Gud kan gjera noko utan at vi haster av garde for å hjelpe han eller gjere det for han.

Når ein ser frå dei overordna retningslinjene for diakonstillingar; vigslig, Plan for diakoni, Yrkesetiske retningslinjer, til det meir konkrete – kva skal diakonen gjere dei timane vedkomande er på jobb – blir dei personlege bønepraksisane mindre og mindre vektlagt. Enten ved at stillingsinstruksen rett og slett manglar eller er mangelfull, som for Asbjørn, eller ved at studium og bøn er utelatt, som for Camilla. At diakonane både har ein leiar i biskopen som pålegg og formanar i vigsliga, men og som ein andeleg leiar i bispedømet, og ein annan leiar i arbeidsgjevaren, som har den daglege oppfølginga og utarbeider stillingsinstruks osb., kan føre til eit krysspress på diakonane. Det betyr ikkje nødvendigvis at det er motvilje mot bønepraksisar i fellesrådslinja, der spriker funna. Men tydelegheit i alle ledd ville etter mi meining fjerna ein del utryggleik for diakonane.

Diakonane snakkar om at ein ikkje kan ta trua ut av diakonien, då vil den stå att som alt anna veldedigheits- og bistandsarbeid. Eg tolkar dei slik at det er spiritualiteten som skiljer diakoni frå anna omsorgsarbeid. Den gjer at diakonen kan stille med noko anna enn ein tilsett på eit NAV-kontor, og det er mellom anna gjensidigkeit. Diakonen kan invitere inn i eit fellesskap

¹⁶² Sjå kap. 4.5.4

¹⁶³ Sjå kap. 2.1.2

der diakonen og den naudlidande stiller på likefot, som mottakarar foran Gud.¹⁶⁴ Diakonal spiritualitet er partner-spiritualitet.

¹⁶⁴ Sjå kap 2.1.2

6.0 Oppsummering og konklusjon

Korleis forstår diakonar vigslingsløftet om å leva etter Guds ord i sin kvardag, og kva rolle opplever dei at det spelar for deira arbeid som diakonar?

Dette er problemstillinga for denne oppgåva. Vi har sett at å leve etter Guds ord, handlar for diakonane om å leva etter ein etikk dei kan stå inne for, men ikkje minst om at dei har ein levande relasjon til Gud. Denne relasjonen tek dei vare på og utviklar gjennom forskjellige truspraksisar. Nokre av dei er intensjonelle praksisar, medan andre er innnevde i kvardagen og andre arbeidsoppgåver. Praksisane former eit diakonalt habitus, og spelar derfor ei viktig rolle i diakonane sitt arbeid. Mellom anna fungerer dei som ressursar som diakonane brukar både til å oppøve det ein kan kalle eit kristent instinkt eller habitus, men også i møte med menneske i arbeidet sitt. Spiritualiteten kan hjelpe diakonane å vise ekte nestekjærleik i sin profesjonelle kvardag.

Vidare arbeid

Spiritualiteten innanfor arbeidsrammene til diakonar kan forskast meir på. Handlar både om kva diakoni er og kva som er diakonar si rolle i kyrkja. Kan bli tydelegare i instruksar og rammer rundt stillingane.

Litteratur

Bibelen (2012), Oslo: Bibelselskapet

Den norske kirke (1996): *Gudstenestebok for den norske kyrkja*, Oslo: Verbum forlag

Den norske kirke (2005): Tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for diakoner. Henta 14.11.15 fra <http://www.gammel.kirken.no/?event=doLink&famId=76>

Diakonforbundet (2014): Yrkesetiske retningslinjer for diakoner. Henta 14.11.15 fra http://www.diakonforbundet.no/attachments/2031_Yrkesetiske%20retningslinjer%20for%20diakoner%20godkjent%20180914.pdf

Fagermoen, Tron (2005): Diakoni som menighetsutvikling, i *Halvårsskrift for praktisk teologi*, 1/2005 22. årgang, s. 13-23

Haukås, Haldis Venke (2012): Himmel- nært og jord- vendt – *En studie av bønn og stillhetsarbeid i den diakonale tjeneste og i de lokale diakonale planer*, Oslo: Diakonhjemmet høgskole

Johnsen, Hanne Kathrine (2015): *Spiritualitet som en livsvei for diakoner? – En kvalitativ studie om diakoners spiritualitet og hvordan de forstår betydningen av denne med henblikk på sin tjeneste*, Oslo: Det teologiske menighetsfakultet

Jorheim, Kari (2011): Diakon i ulike kontekster – praksisrelaterte erfaringer, i Stephanie Dietrich, Kari Karsrud Korslien og Kjell Nordstokke (red.), *Diakonen – kall og profesjon*, (s. 13-14), Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

Jorheim, Kari (2011): Diakon i menighet, i Stephanie Dietrich, Kari Karsrud Korslien og Kjell Nordstokke (red.), *Diakonen – kall og profesjon*, (s. 15-25), Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

Jorheim, Kari (2011): Diakonstillinger i Den norske kirke – rammer og ordninger, i Stephanie Dietrich, Kari Karsrud Korslien og Kjell Nordstokke (red.), *Diakonen – kall og profesjon*, (s. 153-169), Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

Kaufman, Tone Stangeland (2011): *A new old spirituality? A qualitative study of clergy spirituality in the church of Norway*, Oslo: Det teologiske menighetsfakultet

Kaufman, Tone Stangeland (2015): Normativity as Pitfall or Ally? – Reflexivity as an Interpretive Resource in Ecclesiological and Ethnographic Research, i *Ecclesial Practices – Journal of Ecclesiology and Ethnography*, Volume 2, Issue 1, s. 91-107

Kolbjørnsrud, Mari (2012): *Helende vandring?: En kvalitativ studie av hvordan pilgrimsvandring kan gi et særegent bidrag til diakonien, drøftet i lys av kristen holistisk spiritualitet*, Oslo: Det teologiske menighetsfakultet

Kvale, Steinar og Brinkmann, Svend (2009): *Interviews – Learning the Craft of Qualitative Research Interviewing*, 2. utg., Los Angeles, Caifornia: Sage Publications, Inc.

Nateland, Torunn, Mari Thoresen (2012): *Diakoner i balanse?: spiritualitet som rommer mer enn aksjon:en kvalitativ studie om retreat og kontemplativ bønn*, Oslo: Det teologiske menighetsfakultet

Nissen, Johannes (2008): *Diakoni og menneskesyn*, Odense: Aros Forlag

Nissen, Johannes (2012) Spirituality, diaconia and social work, i Zeitler, Ullrich, (ed.): *Spirituality, diaconia and social work*, Århus: Scandinavian Books A/S, s. 71-100

Nordstokke, Kjell (2002): *Det dyrebare mennesket – Diakoniens grunnlag og praksis*, Valdres: Verbum Forlag

Nygaard, M., Rodriguez: *Diakoners profesjonsvilkår i Den norske kirke I*: Tidsskrift for Praktisk Teologi 2/2011

Smith, Jonathan A. and Mike Osborn (2008): Interpretative Phenomenological Analysis, i
Smith, Jonathan A. (ed.): *Qualitative Psychology – A Practical Guide to Research Methods*,
2. ed., (s. 53-80) London: Sage Publications, Ltd.

Strand, Torodd (2007): *Ledelse, organisasjon og kultur*, 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget
Vigmostad og Bjørke AS

Vedlegg: Intervjuguide

Innleiande spørsmål	Svara blir notert, og ikkje teke opp på band.
<ul style="list-style-type: none"> - alder, kjønn - arbeidsplass, oppgåver - kor lenge har du vore diakon? - Når blei du vigsla? - 	
<ul style="list-style-type: none"> - kva gjorde at du ville bli vigsla diakon? - kan du fortelje om din «andelege bakgrunn»? - 	Her startar opptaket
<p>Vigsling, at du sjølv òg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord</p> <ul style="list-style-type: none"> - korleis reagerer du når du les formuleringa frå vigslingsliturgien? <ul style="list-style-type: none"> o korleis forstår du orda «leva etter Guds ord»? o Kva kjensler har du knytt til dette? o meininger? - korleis opplevde du dette punktet då du blei vigsla? <ul style="list-style-type: none"> o var dette punktet viktig for deg? o brukte du tid på det? o gjorde du nokon førebuingar på dette punktet til vigslinga? o var det utfordrande/vanskeleg/krevjande? o vart det teke opp i samtalen med biskopen før vigslinga? o kommentert på nokon måte under vigslinga? o har noko endra seg sidan den gongen? - korleis opplever du dette løftet i din kvardag? <ul style="list-style-type: none"> o inspirerande, tyngande, utfordrande, tenkjer ikkje på det? 	<p><i>Kva gjer diakonar for å leve etter Guds ord i sin kvardag, og kva for innverknad har dette på deira arbeid som diakonar</i></p> <p><i>Korleis forstår diakonar uttrykket å leva etter Guds ord?</i></p>
<p>Praksisar, og i studium og bøn trengjer djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen</p> <ul style="list-style-type: none"> - korleis opplever du å lese denne formuleringa? - kva praksisar har du i samband med dette? Kan du fortelje/skildre/utdjupe <ul style="list-style-type: none"> o som del av arbeidet ditt? <ul style="list-style-type: none"> ▪ gudstenestelege funksjonar? ▪ stille stund i arbeidstida? ▪ bøn på stabsmøte, andre møter og samlingar? ▪ halde andakt ▪ førebuing o i privatlivet? o begge deler? o Kor ofte? 	<p>Har diakonane truspraksisar for å trenge <i>djupare inn i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trudomen</i>? Kva då?</p> <p>Viktig at eg ikkje evaluerer dei!</p>

<ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> Åleine? <input type="radio"/> i fellesskap? <ul style="list-style-type: none"> - kva får du ut av det? kva gjer dette med deg? - kunne du vore utan desse praksisane? - kva har forma desse praksisane? - ønskjer du å endre på noko av dette? <ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> gjere meir eller mindre av noko? 	
<p>Diakoni. <i>Diakoni... er evangeliet i handling</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - korleis reagerer du når du les dette utdraget frå diakonidefinisjonen? - Korleis forstår du omgrepene «evangeliet» i denne samanhengen? <ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> er evangeleiet her og Guds ord i vigslingsliturgien synonyme? Eller er det nyanseforskjellar? - kva rolle har truspraksisane i ditt arbeid som diakon? Korleis? <ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> korleis heng bøn og diakoni saman, tenkjer du? <input type="radio"/> blir ein meir diakonal av å be? <input type="radio"/> gjer bøna noko med ditt syn på verda, andre menneske, deg sjølv? - Gjer møte med menneske noko med gudsrelasjonen din? Korleis? <ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> opplever du å møte Gud i møte med menneske i ditt arbeid? - Er bøna ein ressurs i ditt arbeid? På kva måtar? - Kor finn du motivasjon for ditt diakonale arbeid? <ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> fungerer bøna motiverande eller som «endå ei oppgåve»? 	Kva rolle opplever diakonane at truspraksisane har i arbeidskvardagen?
Er det meir du har lyst å sei om dette temaet?	